

# Jutulsen

## 2018

Årgang 22  
Årsskrift frå Vågå Historielag



# Jutulen

## 2018

Årgang 22  
Årsskrift frå Vågå Historielag

Redaktør: Knut Raastad

Annonser: Dag Aasheim

Tilrettelegging for trykk: Visus, Lom  
Trykk: Dalegudbrands trykkeri

Vågå Historielag vil rette stor takk til alle som har medverka til utgjeving av Jutulen 2018. Stor takk til artikkelforfattarane som har kome med interessante, lokalhistoriske artiklar! Vidare går takken til dei som har lånt ut bilete, til annonsørane og elles andre som har gjeve god hjelp.

*Framsida: Ragna Sveum mjølkar geit. Fotoutlån: Kjell Hagen.*



*Vågåmo fyrst på 1900-talet. Foto frå Magnhild Holø, fotoarkivet til Vågå historielag.*

# Innhald

Knut Raastad: Snøras i Oppdal i 1868	side	4
Eirik Haugen: Om kjøp og salg av farsskap	side	6
Gunnar Ottosen: En fremragende Vaagaavær i U.S.A.	side	8
Knut Raastad: Dean Johnson på leiting etter røtene	side	12
Tor Stallvik: Vaagaa Biografteater	side	16
Aage Skjellum: En del av posthistorien i Ottadalen	side	20
Knut Ryen: En to-skilling forteller	side	23
Asbjørn Kvarberg: Ysteri i Nordherad	side	24
Trygve Haakenstad: Råstad-gardene	side	28
Johan Storm Munch: Edvard Storm Munch	side	42
Brannvakthytta på Rindhovda	side	50
Erik Holø: Planar om flyplass på Tolstadåsen	side	52
Jo Kåre Bakke: Sæterlego um vinteren	side	56
Knut Raastad: Seterbudeia	side	60
Vegard Veierød: Ottdalsgardenes setrer på Hovdasfjellet	side	66
Oskar Vistdal: Heime og ute – ei bragd av ei bok	side	74
Knut Raastad: Slektskap Kristian Prestgard og Ivar Kleiven	side	90
Ivar Kleiven: Brev til Iver Lunde på Sørem	side	92
Erik Lillebråten: Målaren og skulptøren Olav Hanslin	side	94
Arve Danielsen: Bygdakunstnaren Jehans Myrum	side	96
Ivar Viste Flatum: Kniv laga av Jehans Odde	side	99
Eirik Haugen: Skjerstulin – Ole Hansson	side	100
Knut Raastad: Snekkarverkstadar og smier i Vågåmo	side	102
Margit Drevsjø: Bestemors brune pinner	side	105
Knut Raastad: Lås og nøkkel	side	106
Solrun S Snilsberg: Dyrkar lin i Vågå	side	108
Vågå Historielag: Årsmelding 2017	sode	110

# Snøras i Oppdal i 1868 – eit 150-årsminne

Av Knut Raastad

Natta mellom 11. og 12. februar 1868 gjekk det eit snøskred i Oppdal som førde til ei av dei største naturkatastrofene i Norge. 32 personar omkom, og elleve av dei var frå Vågå. Raset skjedde i grenda Klevgardane lengst vest i Oppdal ikkje langt frå grensa til Sunndalen. Breidda av skredet var omkring 650 meter og omfatta gardsbruka Klethammer, Emang og husmannsbruket Emangsmorken. Arbeidet med ny veg ned Sunndalen starta året før, Emang ligg nedanfor denne vegen og Klethammer ligg ovanfor. Skredet tok med seg husa på alle tre bruka. Nedre Klethammer vart frådelt som eige bruk året etter og for å førebyggje nye framtidige ulykker vart bygningane der plassert heilt inn til fjellveggen med taket som eit framhald av terrenget ovanfor.

Dei som omkom var husbonden og kona på dei tre bruka og mange av barna deira, tilsaman 11 personar. Alle dei andre 21 omkomne var gudbrandsdølar som hadde innlosjert seg der. Av desse var 10 vegarbeidarar som arbeidde på den nye vegen. Den tida var det ikkje pendling og kokkelag slik som seinare, det vanlege var at arbeidarane hadde med seg familie og budde i same området. 11 av dei omkomne var såleis familiemedlemmar til arbeidarane.

Av dei omkomne var 8 frå Dovre, ein frå Lesja og ein oppsynsmann frå Øyer. Dei omkomne frå Vågå var Knut Skultbakken med kjerring og 5 barn. Vidare var det Rønnaug Soremshaugen, Sandbakken, 28 år og hennar to barn Mari Thoresdotter 3 år og Peder Thoresen 1 år. Mannen hennar Thore Pedersen overlevde. I tillegg omkom ungkar John Pedersen Randen, 20 år.

Knut Skultbakken 45 år var onkel til Knut Hamsun. Familiemedlemmane som omkom var kjerringa Mari 45 år og barna Mari 20 år, Knut 15 år, Eli 12 år, Ingeborg 7 år og Hans 1 ½ år. Kjerringa Mari var frå Nyrneshaugen (Kongelhaugen) og familien budde kanskje der ei tid.

I 1852 var dei i Skreppholet, men både i 1854, 1861 og 1865 er dei nemnde i Skultbakken (nordre). Sonen Peder f. 1850 var den einaste av familien som ikkje omkom i denne ulykka, i 1872 er han registrert som utflytta til Steinkjer.

Alle dei omkomne vart lagt i ei fellesgrav på kyrkjegarden på Lønset. Ikkje alle vart attfunne i snøen med ein gong, så dei vart gravlagt på fire ulike dagar frå 23. februar til 10. april. Ved grava er det reist ein stor minnestein med namna på alle dei omkomne og opplysningar om det som skjedde.



Kjelder:

- Tor Korsvold:  
Omkomne Gudbrandsdøler i snøraset i Oppdal, Gudbrand nr. 1-2008
- Harald Sæther,  
www.lonset.no 2011:  
Vandring langs gammel veien gjennom Klevgardsmorka
- Jutulen 2009: Skultbakken.

# Om kjøp og salg av farsskap

Av Eirik Haugen

Morsskap er nokså greit, men farsskap kan være mer usikkert. Det har også vært gjenstand for handel. I våre dager kan DNA testes, men fortsatt gjelder paragrafen “paster est”. Den sier at når en gift kvinne får barn, så er det hennes mann som er faren. Gid det var så enkelt. I et tilfelle har presten i Vågå brutt loven. Men da er det bemerket at ektemannen har oppholdt seg i Amerika i flere år.

Det er ingen hemmelighet at tjenestejenter kunne bli utsatt for seksuelle overgrep. Om barnefaren prøvde å selge farsskapet, og handelen ikke gikk i orden – ja da kom historien gjerne på bygda. Slik gikk det da en bonde fikk tvillinger med sin tjenestejente. Dette skjedde rundt forrige århundreskiftet. Han hadde en husmann i Skårvangen, og hadde tenkt at husmannen kunne ta på seg farsskapet. Da skulle han få kjøpt husmannsplassen billig. Husmannen syntes dette var en god avtale. Men husmannskona satte seg på bakbeina og nektet. Dette ville gå seg ut over hennes ære. Resultatet ble at husmannsfamilien ble kastet på dør.

Ei husmannsjente fra Skårvangen fikk barn med sin arbeidsgiver, hun var tøff nok til å gå til rettsak. Gardbrukeren nektet for farsskapet, men hun fortalte deltaljert om hva som hadde skjedd i retten, og hun ble trodd. Hun var hjemme og fødte barnet, og dro så tilbake til tjeneste. Da fikk hun med et råd hjemmefra: Du fæ væra fårsiktog nå da Vehl-Ragnill.

De kondisjonerte var ikke bedre – enten det var prester eller lensmenn eller rike kjøpmenn. Denne historien er så gammel at jeg tar med navna. Marit Jondatter var tjenestejente på prestegarden i Lesja. Hun fikk i 1827 en sønn med kappelanen Nicolai Benjamin Flood. Flood levde 1798-1869.

Presten sendte han ut av bygda, og han ble senere sogneprest i Stadsbygden i Trøndelag. Marit Jondatter giftet seg med Niels Pedersen, og han tok på seg farsskapet. Kanskje mot betaling. Marit var i tjeneste på

prestegarden på Lesja mens Niels kom fra prestegarden i Vågå der han tjente. I 1827 var begge på Lesja. Kanskje hadde kappelanen skaffet de eiendom ?

Sønnen ble døpt 29.07.1827 – og da står det “sagen Barne fader Niels Pedersen.” Antar presten visste sannheten. Men, tok han kua, så tok han kalven. Sønnen kalte seg Ole Nielsen. Han ble 27. juni 1854 gift med Mari Torsdatter Svare i Vågå. Mari var datter av Tor Svare og Kari Pedersdatter Skjedsvold. Tor fikk tuberkulose, og skjønnte at han ville dø. Da sa han til kona: Vil du gifte deg opp igjen, så får du ta han Vehl-Ola. Det var en yngre ugift bror. Det rådet fulgte hun. Tilbake til Ole Nielsen, så flyttet han først til Fron, og senere til Gausdal. Der ble han lensmann. De bodde på Bjørnengen og fikk åtte barn. Han ble også benevnt Ole Nielsen Haugen. I Stadsbygd fikk Nicolai Benjamin Flood 6 barn i ekteskapet. De to traff nok aldri hverandre, så langt jeg vet.

Et annet eksempel på at kirkeboka ikke stemmer: En jente i Skogbygda fikk barn. Når ungen vokste til, så skjønnte hun at hun hadde lagt ut feil far. Dette ble hun plaget med i familien. Til sitt forsvar så sa hun: Jammen e visste kje bære!

Det er ikke så enkelt å drive slektsgransking, og enkelte bygdebøker har brukt uttrykket “skreven far”. Om foreldrene var gift, så ble moras navn ikke skrevet før 1816.

Kilder: Kirkebøker for Lesja og Vågå.

Muntlige kilder: Dina Haugen, Kari Svare, Mari Foss, Magnhild Skjellum m. fl.



# En fremragende Vaagaavær i U.S.A.

Av Gunnar Ottosen

Jeg fant ovennevnte overskrift til en artikkel i avisen Gudbrandsdølen 11/11 1919, og dette var noe jeg måtte undersøke nærmere. Navnet på denne «fremragende Vaagaavær» – var Ole Hanson, født 6. januar 1874 i Norway Township, Racine County, Wisconsin, som femte barn av seks, av norske emigranter. M.a.o. han var født i U.S.A., men foreldrene var fra Vågå. Ut fra dette har jeg startet her i Vågå – og funnet følgende bakgrunnsmateriale:

Hans Larsen. Født Vågå u/ekteskap 8/10 1792. Far: Ungkarl Lars Jonsen Mor: Enke Kari Larsdatter. Hun var født 8/11 1750, døde nov. 1811 – gift 13/1 1775 med ungd. Hans Rasmussen, f. 1752 d. 1782. De hadde 3 barn: 1775 Kari, 1778 Lars, og 1781 Ingri. I ft. 1801 bor Kari Larsdtr, 50 år, tjenestepike, enke, på Fellese, sammen med sønnen Hans.

Hans Larsen Svareeie, f. 1792, d. 23/1 1858, ble gift VK 1822, med pige Guri Tostensdatter Sandboøien, f. 1803, d. 1881. De bodde først på Sandboøien, men ca 1828, kom de til husm.plassen Rusten, under S.Snerle. De fikk flg barn:

- a) Peder Hansen 1823-1888. Gift 1855 med Kari Olsdtr Høiberg, 1835- (etter 1888). Peder overtok Rusten. Det er ikke nevnt barn i ekteskapet, men Peder hadde ett barn u/æ med Ingrid Hansdtr Kaggerudhagen, f. 1814- Marit Pedersdtr, f. 1848 – hennes 4. hans 1. L/M.
- b) Jacob Hansen 1824-1853. Gift 1853 med Marit Jørgensdtr Bjørnstadeie 1828-? Ingen barn nevnt.
- c) Marit Hansdatter 1828-1828.
- d) Guri Hansdtr 1829 - ? i Lom. Gift 1869 med enkem. Erik Knudsen Rottembakken 1826 - ?. barn: Anton 1872-1929.
- e) Ole Hansen 1832 – 1833.
- f) Thorsten Hansen 1838 – se senere.
- g) Ole Hansen 1845 – 1904. Flyttet til Lom 1874. Gift der 1874 med Kari Erlandsdtr Frisvold 1837-1896. De bodde Frisvoldkvei. Fam. var en kort tid i Amerika, men kona døde i Lom 1896.

THORSTEN HANSEN f. 6/4 1838, døpt VK 3/6 1838. NB. Anm. v/dåpen: «Efter senere opgivelse af Hans Rusten – er ungkarl Anders Knudsen Sagsletten, fader til dette barn». Anders Knudsen Sagsletten f 1781, d. 23/11 1842. Ut fra videre historikk beholder Thorsten farsnavnet Hansen – og den 31/10 1860, tar han utflytting til Gausdal – for at giftes. Han ble der gift 29/11 1860 med Guro Christophersdtr N. Hanestadhaugen, f. 1835. De bodde som husfolk på plassen Nordlien i 1865. Barn f. i Gausdal: Hans Tostensen 1/9 1861 og Rønnog Tostensdatter 15/11 1864. Familien emigrerte til Amerika 9/4 1866, der de slår seg ned i Norway Township, Racine County, Wisconsin, og her tar de ut sin «homestead». Her øker også antall medlemmer i familien – og da benyttes farens etternavn «Hanson». De fikk her 4 barn, hvor OLE HANSON f. 6/1 1874, var nr. 5.

### **Så til historien om denne Ole Hanson:**

Han må ha vært en evnerik gutt, for allerede som 13-åring, drev han som lærer i Racine. 17 år gammel arbeidet han i en klesforretning, mens han studerte jus. Siden han ikke kunne praktisere som advokat før han var 21 år – reiste han til Chicago og fikk en jobb som bergverksmegler. Etter fylte 21 år, ble han gift med Nellie May NN, født 1880.

Ole Hanson skiftet da arbeid igjen, og ble involvert i produksjon av diverse apotekvarer, som han så reiste rundt i Midt-Vesten og solgte.

I 1903 var han involvert i en tragisk togulykke, og ble alvorlig skadet, og legene sa han var delvis lammet, og hadde problemer med å gå. Dette stoppet han ikke, for en tid senere bestemte han seg for å flytte vestover med kone og barn. Han gikk da bak sin flyttevogn – hele veien til Seattle – en distanse på 2800 miles – noe som etter hvert ga han bedre føtter igjen.

I Seattle kjøpte han en kolonialforretning og drev den med stor suksess. Fortsatt var han rastløs, og begynte å undersøke forsikringsbransjen, som event. ny karriere. Her fikk han en ny ide, og begynte å kjøpe tomter, der han bygde familieboliger – noe som ga han en tilfredsstillelse i å se lokalsamfunnet gro.

I 1908 sloss han for Seattle, med krav om en «renere» by, med en sterk kampanje mot bl.a. gambling. Dette bragte han så inn i Washington



*Ole Hanson (1874-1940) i 1919*

Statens Lovgivningsmakt, samt hans videre vei mot stillingen som Borgermester i Seattle fra 1918. I februar 1919 oppsto det en tvist mellom Seattles etterkrigs skipsindustri og deres arbeidere, og en sympatistreik ble iverksatt av de lokale fagforeningene. Hanson mislikte dette sterkt, og uttrykte at «disse anarkistene» skulle ikke få lov til – mer eller mindre – bringe byen til fullstendig stopp. Han truet derfor med unntakslover for Seattle. For å understreke hva han mente, kjørte han inn i Seattle med et stort Amerikansk flagg på

bilpanseret, etterfulgt av ett regiment soldater, fra Fort Lewis. Ikke så lenge etter, begynte de forskjellige fagforeningene å gi etter, og streiken var snart over. Hanson fikk da mange rosende ord i de riksdekkende avisene, og denne berømmelsen gjorde, at han en periode var nevnt som en mulig kandidat til neste presidentvalg. Den 28/8 1919 frasa han seg borgermesterstillingen, med begrunnelse av sykdom og dårlig økonomi.

Ole Hanson ble så en internasjonalt kjent person, da han reiste rundt i USA med foredraget «Americanism against Bolshevism». Etter hvert ga han fra seg mye av landarealene han eide i Seattle, og begrunnet dette med at «krigs penger var dekket av blod». Så, gjeldstynget, reiste han til Mexico for å fornye sin formue. Her ble han voldgiftsmann i en større landareal-strid, og ble tilkjent en halvpart i et 52.000 acres oljelandskap – som igjen viste seg å være verdiløst, grunnet nedgangstider for oljeletingen.

Han returnerte derfor tilbake til Amerika og California, der han kjøpte et landareal i Los Angeles-området, og utviklet et boligkonsept med 2.000 nette boliger. Han fortsatte så videre til Santa Barbara, og ble engasjert i Potter-hotellet, hvor han tjente en formue.

I 1925 kjøpte han, sammen med sin venn – Henry Hamilton – et landområde, som skulle bli kjent som «San Clemente». Han ville skape en slags «spansk landsby» – og med sin egen eiendom – i dag kjent som «Casa Romantica». Her tilbragte han sine eldre dager, med familien, inntil 1932, da Bank of America, krevde eiendommen, grunnet gjeld. Igjen prøvde han å finne et nytt utviklingsprosjekt, og det drev han med til sin død – den 6. juli 1940 i Los Angeles.

Familien var, ved en folketelling San Juan, Orange, California i 1930: Ole Hanson 1874 og Nellie May 1880. Barna: Nellie Hanson 1906, William (Bill) Taft Hanson 1907, Theodor (Ted) Roseveldt Hanson 1909, Bob Lafolette Hanson 1911, Marjorie Hanson 1913, Benny Hanson 1914, Lloyd George Hanson 1917, Muriel Hanson 1920.

(Det skal være 2 barn til, som jeg ikke har funnet navnene på).

# Dean Johnson på leiting etter røtene

Av Knut Raastad

I perioda 1825 til 1920 utvandra om lag 800000 nordmenn til Amerika. I USA reknar 4,5 millionar slekt eller etnisk opprinnelse i Norge (wikipedia). Frå gamle Vågå utvandra opp mot 5000 i perioda 1865-1915 (sjå Jutulen 2012), dette vil seia at kanskje om lag 2500 frå nåverande Vågå reiste til Amerika. Mange etterkomarar søker etter røtene, og eit historielag kan vera ein stad å spørja.

Hausten 2016 fekk historielaget epost frå ein amerikanar, Dean Johnson, som søkte etter slektningar til bestefar hans som emigrerte i 1909. Han visste at bestefaren kom frå Oppland, mogleg frå Vågå. Eg ba om å få opplysning om namn på bestefaren, det var Ole Jonsen Dalestuen fødd 4. desember 1893. Foreldra var Jon Olsen Sandbakken fødd 23. januar 1864 og Ragnhild Nilsdotter Dalestuen fødd 15. juni 1864. Da vart det enkelt.

Syver Nilsen Dalestuen (Visteeie) 1829-1904 vart 1853 gift med Guri Johannesdotter Præstgardseie Runningen 1826-1912. I 1870 fekk Syver Nilssen Dalestuen husmannskontrakt på Dalestuen frå daverande eigar av midtre (øvre) Viste Thor A. Sve. Syver og Guri hadde 6 barn:

- Iver f.1850, i Landebrustugu
- Johannes f.1854, g.m. Marit ? f.1854. Gaardsvolden under Gardsøi i 1900.
- Marit 1858-1945, g.m. Erland Thorsen Tassmyrhaugen 1855-1885, g.2.m. Jakob Olsen Skjedsvoll 1855-1940
- Niels f.1860-1923, g.m. Ragnhild Brun 1863-1932.  
Til øvre Runningen ved Åsheim.
- Ragnhild 1865-1923, hadde sonen Ole Johnsen f.1893
- Kari f.1867, g.1903 m. Sven Isaksen Karusbakken, til Minnesota.



*Dean Johnson ved Solbakkestugu der bestefaren voks opp saman med mor si og bestemor si.*

Syver Nilsen døydde i 1904 og vi ser at husmannsbruket Dalestuen vart frådelt og seld til sjølveige i 1906. Truleg er det i denne tida at enkja Guri, dottera Ragnhild 1865-1923 og sonen hennar Ole Johnsen f.1893 har bygd og flytta til ei stugu ovanfor jordet på nordgard Valde som fekk namnet Solbakken. Dette er i hamninga til Valde, like vest og opp for låven på nordgard Viste. I folketellinga i 1910 er Ragnhild nemnd som bagste og vaskekvinne. Ugifte Ragnhild 1865-1923 hadde med John Olsen nedre Sandbakken f.1865 sonen Ole Johnsen f.1893, han budde nok hjå mora og bestemora i Solbakken. I 1909 emigrerte Ole til USA. Ragnhild vart 1915 gift med Johan Kristenson Volden (Flatum, Odden) f. 1873. Dette vil kanskje seia at det budde folk i Solbakke-stugu til 1915. Den ti kvadratmeter store stugu i Solbakken vart på 1930-talet flytta til setra til nordgard Valde og står fortsett der.

John Olsen Sandbakken f.1865 har eg ikkje funne mykje om. Foreldra døydde i 1883 og 1884, faren Ole Kristensen hadde i eit tidlegare ekteskap mange barn og i 1884 budde dei i Trøndelag og Kristiania. Kanskje var fyrste ekteskapet i Trøndelag.

Eit immigrasjonsdokument viste at Ole Johnsen reiste til ein onkel som var nemnd Bakke, fornamnet var vanskeleg å tyde. Dean Johnson hadde trudd at dette var Sandbakken. Vi opplyste at tanta Kari Dalestuen hadde reist til Amerika, og Dean Johnson spurde om informasjon om dette. Men så brukar Dean mykje tid på å undersøkje dette, og da viser det seg at tanta Kari var gift med Svend Karusbakken som forkorta namnet til Bakken, og det var til dei at Ole Johnson reiste i 1909. Og så viser det seg at dei budde i Lasalle i sørre Minnesota, bestefaren Ole Johnson budde på ein farm 8 km vest for Lasalle og Dean Johnson bur i Saint James 10 km sør for Lasalle. Dean Johnson kunne fortelja at bestefaren levde til 1966, men han lærde seg aldri å prate engelsk. Dette gjekk vel stort sett greitt i eit «norsk» område. Han forstod engelsk, men kunne ikkje prate det. Dean Johnson som vart fødd fyrst på 1950-talet kunne dermed aldri prate med bestefaren.

Dean Johnson og kona kom til Norge i august 2017, og eg sa eg kunne vise dei rundt i Vågå. Næraste slektningane i Vågå er Jakup Skjedsvoll og Signe Skålsveen, bestemor deira var Marit frå Dalestugu. Dermed er dei tremenningar til far til Dean Johnson. Eg hadde prata med Jakup slik at eg skulle kontakte han når dei kom. Da dei var komne skulle eg møte

dei på hotellet, og heilt tilfeldig trefte eg der Signe Skålsveen saman med bror hennar Jakop Holen og dotter hans Kari som var komne frå Lesja. Det viste seg til og med at Dean Johnson og kona hadde sitje ved matbordet ved sidan av slektningane. Jakup Skjedsvoll kom også, så da vart det slektstreff.

Dagen etter tok eg Dean Johnson og kona med til Sandbakken, på nedre Sandbakken er det att berre murar. Dei fekk også sjå Karusbakken som ligg like ved. Så tok vi turen til Dalestugu, og trefte folket som er der i dag. I Solbakken fekk Dean stå i tomte til den vesle stugu der bestefaren voks opp, og på nordgard Valdesetra fekk han til og med koma inn i stugu. Turen vart avslutta i Kveom der han fekk fotografert gardsskiltet som viser Runningen der tippoldemora Guri kom frå. Dean Johnson hadde meir slekt frå Gudbrandsdalen og nemnde Sandbu og Svenstad, men det var ikkje tema nå fordi det hadde andre i slekta funne.

Kjelder:

- Dean Johnson (soneson til Ole Johnsen): epostkorrespondanse.
- Folketelling 1865, 1875, 1900, 1910.
- Opplandsarkivet avd. Vågå: familieark, kopi panteregister.



# Vaagaa Biografteater

Av Tor Stallvik

20. mai er det 100 år sidan det vart synt film for fyrste gong i Vågå. Forhandlingsprotokollen viser at opptakta skjedde 13. april 1918. Da møttest sju karar til konstituerande generalforsamling for A/S Vaagaa Biografteater. Initiativtakarane var Ole F. Bøe, M. O. Haugen, Bjarne Brun, Jo Brun, Knut Haugen, A. J. Skjellum, Ragnvald Berg og O. J. Svare. Dei valde styre, med Ole F. Bøe som direktør, O. J. Svare som disponent og M. O. Haugen som kasserar. Søknad vart sendt til heradsstyret om løyve til å drive kinomatgraf-verksemd kvar 14. dag i eit tidsrom på 5 år. Dei sette ned ein komite for å lage lover for verksemda. Her sat Ole F. Bøe, Jo Brun og O. J. Svare.

## Vedtekter

Alt veka etter vart det halde ordinær generalforsamling, og her meddelte O. J. Svare at heradstyret hadde gjeve løyve. Dei vedtok også at avgifta førebels skulle setjast til 10 kroner per kveld. Desse lovene vart vedtekne:

«§ 1: Selskapet er et uansvarlig selskap viss formaal er eventuell kinomatografvirksomhet i Vaagaamo. Selskapets aktiekapital er stor kr 1500 – femten hundre kroner – som benyttes til indkjøp av maskin m.v. Det øvrige av aktiekapitalen benyttes til driftsomkostninger.

§ 2: A/S vælger inden sin midte formand, direktør og kasserer.

§ 3a: Formanden fører selskapets forhandlinger og protokol samt maa han være tilstede ved kassens optælling hver forevisningsaften. Likesaa maa han anwise al utbetaling.

§ 3b: Direktøren har med samarbeide av de øvrige styremedlemmer at foreta indkjøb av alt materiell, som film, m.v. samt foreslaa at leie personal som musikk, billettør og lignende, i det hele tat at forestaa al drift ved biografens forestillinger.

§ 3c: Kassereren har at være tilstede ved alle forevisninger for sammen med formanden og billettøren at optælle kassen, og gi formanden kvittering for det modtagne beløp samt forestaa all utbetaling ifølge bilag.

§ 4: Aktieieerne kan overdrage aktieene frit til sine barn, forældre eller søskende. Overdragelse av aktier til andre end forannævnte kan ikke finde sted

uten selskapets samtykke, som i tilfælde har første ret til at indløse aktierne. Efter den nuværende aktiekapital har ingen ret til at disponere flere end 4 – fire aktiebrev.

§ 5: Driftsaaret utløper hver 14de april. Den ordinære generalforsamling vil da bli avholdt saa fort som det lar sig gjøre, for at vælge nyt styre samt at foreta utdeling av utbytte, likesaa at drøfte de foreliggende saker for den senere drift.

§ 6: For at avholde generalforsamling maa mindst 2/3 av aktionærene være tilstede.

§ 7: For at forandre selskapets love utkræves 2/3 dels flertal av de paa generalforsamlingen møtende aktionærer. Ingen aktionær har mer end 1 – en – stemme i selskapet selv om han indehar flere aktier».

### Aksjeeigarar

Så følger lista over aksjeeigarane i selskapet. Aksjane hadde pålydande på 50 kroner. Ola F. Bøe var den største aksjeeigaren med 10 aksjar, Ola J. Svare og Bjarne brun hadde 4, Ragnvald Berg 3, Jo Brun, Knut E. Haugen, M. O. Haugen og Amund Berg hadde 2, og A. J. Skjellum 1 aksje.

Møtet vedtok å søkje Vaagaa arbeidarlag om å få leige salen på Folkvang. Til slutt vedtok møtet å kjøpe ei elektrisk lampe, ein slede for lampehus og 200 kolstiftar, ein duk og ei jarnstong for 25 kroner.



*Byggjing av Folkvang: Knut Oppheim, Ola Holen Holsløyken, Syver Grevrusten. Foto frå Aage Skjellum, historielagets fotoarkiv.*

Av rekneskapsprotokollen går det fram at det vart halde framsyningar ein og to gonger i månaden frå 20. mai. På fyrste fram-syninga var billettinntektene 266,55 kroner. Vi kan ikkje lesa ut av protokollen kva billettprisen var. Rekneskapen viser at det i 1918 vart synt film ti gonger. 15. juni og 26. desember hadde

det største billettsalet. Vi er enno i stumfilmens dagar, og 26. desember vart det betalt ut honorar til «Strykemusikken» med 100 kroner.

11. januar 1919 heldt dei møte i Vaagaa Kinograf for å vedta å selje til Ragnvald Berg ein surstoffcylinder, ei lampe og fullt tilbehør for 65 kroner.

### **Vaagaa Kinematograf**

Da dei heldt møte 9. februar, brukar dei Vaagaa Kinematograf som namn på selskapet. Ein av aksjonærane som møter er Anne Bøe. Ho må vera kona til Ole F., for hans namn finst ikkje i protokollen seinare. Det saka gjeld er at ein Jo Bøe frå Fredrikstad møtte og påstod at han hadde betalt 1200 kr. For den maskinen som Ole F. Bøe hadde seld til kinomatografen. Jo Bøe krev å få dei 10 aksjane som er utstedt til Ole F. Bø og få utbytte av desse. Men selskapet går ikkje med på dette og viser til at maskinen var kjøpt av Ole F. Bøe og betalt kontant, noko dei viser til ved kvitteringar.

På generalforsamlinga 26. april, som vart halde hos Ole J. Svare, vart rekneskapan godkjend samrøystes med eit overskott på 1193,43 kroner. Sju aksjonærar møtte, mellom dei Anne Bøe som signerte protokollen med påhalden penn. Dei vedtok å betale 50 prosent utbytte til aksjonærane, eller 25 kr. pr. aksje. Resten vart lagt til kapitalen. O. J. Svare, M. O. Haugen og Bjarne Brun vart vald til nytt styre.

I 1919 vart det vist film 20 gonger, og det kom inn mellom 104 og 250 kroner på kvar framsyning. Det var fire utbetalingar til musikken på samla 370 kroner. Så er det ikkje innført møtereferat før ny generalforsamling 4. april 1920. No var årsoverskotet 897,26 kroner, og ein vedtok same utbytte til aksjonærane som året før. Nytt styre vart A. J. Skjellum, R. Berg og O. J. Svare, den siste som kasserar.

### **Fante-Anne**

Det er innført i rekneskapsboka inntekter frå 21 framsyningar i 1920. Og medan det kom inn mellom 59 og 385 kroner per gong, skil 20. november seg ut. Den kvelden vart det seld billetter for 1267 kroner! Grunnen var klar: Det var Fante-Anne som vart vist. Ein av norsk filmhistorie sine store suksessar, innspelt i Vågå og med mange vagværar som statistar.

Ein nytt år går, og på generalforsamlinga 8. april 1921, i A/S Vaagaa Kino, møtte desse aksjonærane: O. J. Svare, Jo Brun, M. O. Haugen, A. J. Skjellum og Ragnvald Berg. Årsrekneskapan synte eit overskott på

1124,32 kroner, og det vart vedteke å gje 75 prosent utbytte. Nytt styre vart Jo Brun som formann, M. O. Haugen som kasserar og Ragnvald Berg.

I 1921 ser det ikkje ut til at det vart synt film før 9. april, men dei rakk å ha 15 filmkveldar før året var omme. Tre av kveldane var inntektene under 100 kroner, elles låg snittet rundt 150 kroner kvelden. I tillegg til vanleg honorar til musikarane, vart det også betalt 35 kroner til Hjellemo for «utsættelse av kinomusikk».

### **Eventuelt sal**

Vi er komne fram til 29. juli 1922. Da set dei ny generalforsamling i A/S Vågå Kino. Vi siterer frå protokollen: «1. Angående Kinomatografens avvikling eventuelt salg. Beslutning: Kjøringen indstilles og styret bemyndiges til at sælge maskinen best mulig, dog ikkje helt avslutte noen handel før det er forevist samtlige aksjonærer. 2. Da kinomatografen har en gjæld på ca. 1000 kr og i kassen ingen penger er det spørsmål hvordan det skal ordnes til maskinen kan bli solgt. Beslutning: Det indbetales til kassereren 70 % av hvert aktie pålydende (35 kr pr aktie) til dekning av kinomatografens gjæld; hvilet beløp der er all sannsynlighet for at kan erholdes igjen når salg av maskinen m-v. kan komme i stand. N.B. Bortleie av maskinen anbefales ikke undtagen efter serskilt høi leie. Hvis salg kommer i stand må kjøpesummen erlegges kontant».

I 1922 vart det synt film seks kveldar fram til 15. april. Det var siste gongen. Det vart betalt ut honorar til musikken for året før, 12 gonger à 22,50 kroner. 10. desember var kassabehaldninga 16 kroner og 19 øre. 12. september 1925 vart det teke ut 8,56 kroner frå banken. Meir er ikkje ført i rekneskapsboka.

### **Fem års drift**

19. mars 1923 blir det innkalla til ekstraordinær generalforsamling. Anne Bø nekta å betale inn dei 70 prosentane som var beslutta året før. No var maskinen panta for ubetalt heradsskatt og alle pengane oppbrukte. Det vart bestemt at Anne Bø vart beden om å innbetale dei 70 prosentane – 350 kroner – innan ein månad, viss ikkje let dei maskinen gå til auksjon for skattepanten. Dei sende også ein søknad til heradsstyret om at heradsskatten for 1922/23 vart ettergjeven. Jo Brun, Amund Berg, A. J. Skjellum, O. J. Svare, Ragnvald Berg og M. O. Haugen skreiv under før møtet vart heva. Fem års kinodrift er eit avslutta kapittel.

# En del av posthistorien i Ottadalen

Av Aage Skjellum

## En del av posthistorien i Vågå og Ottadalen ved århundreskiftet 1898-1924.

Etter å ha lest artikkelen av Gunnar Sandbo om en del av posthistorien fra Vågå i Jutulen for 2017, er det noe jeg gjerne vil tilføye. Dette er det jeg husker av det jeg er blitt fortalt av min mor Borghild og hennes søsken. Noe kan også dokumenteres.

Min bestefar, Kristian Johansen, drev blant annet som urmaker i Vågå. Han reiste rundt på gårdene i Ottadalen og reparerte stueklokker. Han solgte ikke klokker men kunne formidle salg, i tillegg drev han postruten mellom Lalm/Buvik og Garmo med hest og hadde skysstasjon i Vågå/Kirkenær. På denne tiden bodde familien på Kirkenær, som bestefar fikk bygget og hvor de flyttet inn i 1913. Første etasje var ferdig, men andre etasje ble ikke ferdigbygget før de måtte flytte i 1924. I tillegg var det stall for to hester med løe/vognskjul. Utstyret for skysstasjonen var firhjuls trille og tohjuls karjol, spisslede/sluffe og korgsluffe med rødt trekk til vinterbruk.

Bestefar hadde også transport av lege og jordmor. Elles ble turister kjørt til fjells eller til Otta eller Sel jernbanestasjon. Noen av turistene ville også bli kjørt til/fra Moom, fra Svee eller Søreim, hvor de var gester. Bestemor kjørte også disse turene. Når slekta kom på besøk fra Øyer eller Lillehammer ble de hentet med hest og kjerre på Sel, nærmeste jernbanestasjon til Vågå.

Postruten bestefar hadde var mellom Lalm/Bruvik og Garmo. Tiden han hadde postruten er jeg usikker på. 1910-1924? Bestefar hadde med seg to menn til postkjøringen, Nils Sveine, Lalm, og Hans Gudbrandsen (Skinne) Kveen, Vågå. De hadde hvert sitt småbruk/husmannsplass. Etter hvert ble det naturlig å gå over til bil. Bestefar gikk til innkjøp av bil til å kjøre posten med. Årstallet var 1923. Det finnes et Skadeløseselsbrev



*Kristian Johansen på sine eldre dagar, bilkontoret og ysteriet i bakgrunnen.*

av 15/11-1923 fra bestefar til Syver Knutsen Grev og Paal Ellingsbø for inntil kr. 6000 pr. person + kr. 6000 til bestefar. Paal Ellingsbø fikk i 1898 kontrakt om å holde skystasjon på Ellingsbø. Ansvar for skyss til Kolloen/Sjoa og til Lalm/Buvik. Det har nok vært et samarbeid mellom disse karene vil jeg tro.

Hva de har gått sammen om går ikke frem av dokumentene. Muligens bilen som ble anskaffet til bla postkjøring. Banken krever nå tilbakebetaling av hele beløpet kr. 18 000, som det var utstedt en pantobligasjon på. Bestefar var trolig garantist for hele beløpet.

Men postkjøringen ble overlatt til Imbert Kleiven fordi han hadde verksted og kunne reparere biler. Senere ble det nyopprettede kommunale bilselskapet, Ottadalen Kommunale Auto, som overtok postkjøringen. Senere Ottadalen kommunale Billag, med Peer Gynt på reinsbukken over Besseggen, som symbol, senere Ottadalen Billag.

I og med at bestefar allerede hadde kjøpt bilen og ikke fikk noe oppdrag, havnet han i en uheldig situasjon. Bestefar gikk konkurs og familien måtte gå fra hus hjem og flytte til en tømmerstue i Røysom, nå Vollvegen 21, med kone og 7 barn. Etter det jeg kjenner til var det bare urmakerfamilien som måtte gå fra alt de eide ved konkursen. Det tyder på at bestefar stod inne for hele bilhandelen.



*Urmaker Kristian Johansen 1873-1966 født i Øyer og ektefelle Anne Olsdatter f. Skultbakken Steen 1882-1929. Kanskje er det bryllupsbilde.*

# En to-skilling forteller

Av Knut H. Ryen

Denne II Skillingen fant jeg en av de siste dagene i oktober 1991. Jeg klora og grov opp veigrøfta, vestafor stikkrenna, hitafor Kvarberg. Et underlig tilfelle. Grøfta var full av jord og gammelt gras sto tett, det var som å grave på en grasvoll. Da så jeg plutselig ei lita skive var i været og datt ned att i detta muraset. Hva var det? Var det frøkapsel av et ugras, men jeg så ikke slik ugras der. Jeg tok til å luske og fann den vesle skiva. Jeg så ikke hva det var, men tok det med heim og vaska og studerte det, og her er det. Det viste seg å være en II Skilling Danske, 1708. Preget av Kong Fredrik den IV, Konge av Danmark + Norge fra 1699 – 1730. Nå har jeg tenkt at du, Erik Kvarberg kan overta dette klenodiet da det var på din jord, tidligere Nedre Kvarberg jord jeg fann denne skillingen.



## **En II Skilling forteller.**

Je var slått (preget) på Kongens mynt på Kongsberg i det Herrens år 1708. Under Kong Fredrik IV. Da je kom ut på markedet for je fra mann til mann som byttemiddel for varer og tjenester. Je for over en stor del av landet over lang tid.

Om je vart mista eller kasta ut for å gi lykke og god avling her je vart funnet veit je ikke. Men nå vart je funnet og får vel ro på et tørt sted. Det var en omskiftende prosess og vandring fra sølvgruvene på Kongsberg og hit til Kvarberg.

Rydland 1998

Knut Ryen (1923-2000)



# Ysteri i Nordherad

Av Asbjørn Kvarberg

Besøk hos Erling Valde påskedagen 3. april 1994 – om ysteriet i Visteroa, og Øistein Kvarberg om Kvarberg fellesysteri 29. oktober 1993.

## **Ysterivirksomheit i nedre Nordherad før Vågå Ysteri**

Det starta i eldhuset på Sande medan Ola N Valde hadde denne garden. Han fekk samla alle i nedre og nördre øvre grenda. Det var Visteroa og vestover, likeeins frå Vidsalsgardane og vestover i øvre grenda. Han flytta seinare attende til Sygard Valde og fortsette ysterivirksomheita her. Ystinga foregjeikk på våren og fram til sætterreise om somaren. I 1924 vart det bygd nytt ysteri ved bekken mellom Uppigard og Nordigard Viste. Virksomheita vart organisert som eit andelslag.

Det vart bygd ysteri, eit hus i betong – maskinhus. Vidare eit tilbygg – fyrrom i reisverk og ei ostbu. Til slutt vart det reist eit hus til ysterska, som var den einaste tilsette. Dette var eit tømra hus, bygd inntil ysteriet. Da ysteriet vart nedlagt, vart huset selt til Hans Randen (Strondstugun). Huset vart fløtt til tomt ved Folkevang i Vågåmo og står der den dag i dag (1994). Andre eigare til huset har vore Gudbrand Strand og Randi Strangstadstuen (Bleka).

Ysteriet gjekk i 10 år – til 1934, og var eit dampfyra ysteri. Det vart innkjøp ein brukt Baltik(sv) fyrkjel frå Øyer. Løypkar, panne og seperator var drivi med damp. Ystersker var Ymbjør Viste f. Lillesæter, Eli Snerle, f. Berge og Barbro Brun, f. Dalen.

Frå 1934 vart mjølka kjørt til Otta, etter først vorte innkjørt til Vågåmo med hest. I 1935 vart det beslutta å byggje nytt ysteri i Vågåmo. Dette var ferdig i 1937. Visteysteriet var meire utbygd teknisk enn Kvarberg's ysteriet i og med at dei ysta med baltik dampkjele, fyra med ved. Etter at ystevirksomheita var slutt, vart betonghuset brukt som produksjonshall i samband med klebervirksomheita til Olav Hanslien i Visteberget, som sysselsette 10-12 mann.

## **Kvarberg fellesysteri for Søre - øvre Nordherad**

Dette starta i 1923 og heldt på til 1934. Her var det også ysting berre om våren – frå kalving og fram til sætterreise om sommaren. Ysteriet kom i gang fordi det var dårleg pris på mjølka ved Nugga Ysteri. Her vart mjølka betalt med under 5 øre literen – kunne variere noko. På Kvarberg fellesysteri var prisen sjeldan under 10 øre. Ingen av dei i søre grenda hadde andelar i ysteriet ved Nugga. Ei anna årsak enn prisen, var vegen frå Nordherad og ned til Vågåmo som var svært dårleg, særleg på denne tida av året. Ystinga starta gjerne i førfeille om våren, med kjerreføre på framsida oppe i grenda, og sledaføre på baksida etter Likvegen.

Ysteriet vart organisert som eit andelslag. Alle oppsitjarane frå Kvarberg til og med Valbjør som hadde kyr kunne teikne andelar – etter antal kyr. Lån og renter vart likeeins fordelt etter andelar. Dei som ikkje hadde andelar fekk 1,5 øre mindre for mjølka. Dei ysta 4 kg's rauost. Kjúka / kassein vart sendt til Tretten i store kasser. Ystersker var for det meste Ragnhild Mo og Barbro Dalen. Det var ymse av eigarane som var formenn. Ystarhuset var eit tømrahus som laget kjøpte av Ola Kvarberg.

Det sto uttafor nere stugu på oppigard Kvarberg og vart fløtt sørom garden på nigard Kvarberg. Etter at ystinga tok slutt vart huset brukt av nigard i samband med bakst og slakting. Huset vart til slutt seld til Hallingdal som hytte. Osten var seld til Oslo, Johannes Rusten, opprinnelig bøverdøl var fedegrossist i byen og kjøpte ost, kjøt og flesk.

I 1935 vart mjølka sendt til Otta – kjørt til Vågåmo med hest. Vågå ysteri vart ferdig i 1937. Frå noko av regnskapen finn ein at laget på eitt eller anna tidspunkt tok opp eit vekselobligasjonslån opprinnelig på kr 4000 i Vågå Sparebank som O.Kvarberg, E. Kvarberg og Thor Valbjør sto ansvarlege for. 17 år etter at ysteriet opphøyrd, 2. juli 1951 vart lånet fornya, restgjeld kr 1000. Renta på lånet var 4,5%.

Middelprisen på kumjølkk mai/juni 1928 var 14,7 øre, gjetmjølkk (skrivemåte som i regnskap) vart betalt med 19,2 øre. I februar/mars 1930 varierte prisen på kumjølkk frå 10,87 til 11,34 øre. Gjetmjølkk frå 15,22 til 15,87 øre. Leveransene var frå ca 700 l til ca 160 l md dei månadene den enkelte hadde mest mjølkk. Nesten alle hadde gjet.



*Visteysteriet låg mellom Vistegardane. På bildet kan ein sjå den kvite kleberen etter verksemda som Olav Hanslien dreiv der sist på 1930-talet til midt på 1940-talet. Fotoutlån frå sygard Valde.*

Av andre tal frå regnskapen finn vi; retur av rauost til leverandørar kr 1,60 pr kg, arbeide/løn kr 3 pr dagsverk, brannkontigent kr 20 pr år, kjøp av ved 60 cm kr 27 pr favn. Ellers var det utgifter til ostkasser og frakt. O.O. Sørлие var regnskapsførar og kontrollassistent – vog mjølk og tok feittprøver.

Veden vart kjøpt av Resvold, Valbjør og Uppigard og Nigard Kvarberg. Kvarberg fellesysteri var ikkje så teknisk utstyrt som ysteriet i Visteroa. Av motoriserte hjelpemidlar hadde dei motor til seperator, løypkar og



*Ysteriet på Kvarberg heilt til venstre på bildet med kvit pipe, aust for dette bustad for ysterske og heilt til venstre eit vognskjul.*

rørar (rørde kaldt) Elektrisk strøm kom til Kvarberg i 1918. Forutan dei som alt er nemnt var det Amund Dalen som leverte frå Dalen, Jo Veien leverte frå Stavseng, Live Kvarberg hadde føderådskyr, og leverte også mjølk til ysteriet. Hans Sveen leverte frå Hesthagen.

Ellers var det Brattland, Rydland, Resvold , Valbjørslykkja øvre og nedre, Hellelykkja og Feleselykkja.

# Råstad-gardene

Av Trygve Haakenstad

Råstad-gardene, Megarden gml. matrikkel nr. 22, løpe nr. 41, senere matr.nr. 31-32, Norigard Råstad, gml. matr.nr. 23, løpe nr. 42, senere matr.nr. 32, samt Øvre eller Nørste Råstad, gml. matr.nr. 23 senere matr.nr. 32, kom i avhengighetsforhold til Håkenstad utover i de vanskelige år i midten av 1800 årene, og vi skal her prøve å omtale gardene hver for seg ettersom kildene foreligger.

Råstad-navnet viss gamle form ifølge Rygh var Råda Stadum (D.N.547.1436) kommer ifølge samme forfatter muligens av et gammelt mannsnavn Radi (Hradi) som fantes i sin tid i alle fall på Island. Men det er kanskje likeså nærliggende å anta at gardsnavnet kommer av Roald eller Roar, for skrivemåten har til sine tider også lignet på dette. Her har sikkert vært eldgamle bosteder og gardar. Like ved den nåværende bebyggelsen på Norigard, der nautgarden nå er, ligger en haug eller rois antagelig fra bronsealderen, og her er det uten at noen nøyaktig utgraving er foretatt, funnet en del oldsaker, bl.a. en brosjje. På jordet sønnenfor bebyggelsen på Sygard Råstad blev det kring 1885 funnet en mannsgrav inneholdende bl.a. et sverd og et skjelett, muligens fra jernalderen. Da gammel-stugu på Sygard Råstad blev flyttet kring 1940, fantes det under tomten kull som kunne tyde på et gammelt bosted. Gamle overleveringer sier at Råstad i utgamle tider var rådsted, Lunde et kultsted, og Håkenstad visstnok herberge, men dette er vel en forestilling som har dannet seg med tiden uten større realitet.

Slådalsvegen der dei arbeidde vegen på Lesjasida opp til Bøsetra, og ei sprengingsavdeling arbeidde i Dalgrov. Offiser og tidlegare stortingsmann Anton Ryen var med meg til hans gamle medfange frå Tyskland oberst Treten som var sjef for ingeniøravdelinga på Hvalsmoen. Treten var interessert og sparka ballen til distriktskommando Østlandet på Åker gard på Hamar. Der trefte eg general Pran og han var viljug til å vera med på dette. Vi meinte at forsvaret også kunne ha behov for denne flyplassen og fekk forståing for dette.

Jakob Haugen frå Lom var økonomisjef i meteorologiske institutt, han kjende eg frå realskulen. Han ordna så eg fekk møte teknisk sjef Knutsen som visste alt kva som skulle til av meteorologiske data. Han kom til Vågå og tok ut plass for plassering av mast med alle måleinstrument.

Det kom folk frå meteorologiske institutt og monterte utstyret. Jakob Kleiven fekk opplæring og tok jobben med registrering, eg trur det var avlesing kvar dag. Avlesingane pågjekk i eitt år, meteorologiske institutt laga ein rapport og konkluderte med at det var gunstige forhold både med omsyn til høgde over havet, temperatur, vindretning og vindstyrke.

Alt dette skjedde i løpet av eit par år, eg slutta i Vågå kommune 30.6.1965.

Nedskrivi av Knut Raastad

*Bilder: Erik Holø i arbeid med oppmåling på Tolstadåsen.  
Foto: Kjell Andersen*







# Sæterlego om vinteren

Av Jo Kåre Bakke

Ivar Kleiven, lokalhistorisk skald i Nord-Gudbrandsdalen på slutten av attenhundretalet og fyrst på nittenhundretalet, skriv i si bok «Heimegrendi» um sæterlego, sitat: «I nordalsbygdom har dei frå eldgamle tider brukt å liggje på sætri um vinteren solenge sæterhøyet varar. Helst var det no i dei sætrom som låg så langt burti fjellet at det var for langt å køyre høyet til bygda, at dei brukte vinterlego. Det var no ein grunn, men ein annan var at det på den måten vart mykje møk åt sæterkveom så dei bar gilde avlinger. Og så er det oftast ikkje langt til høgfjellet etter mose, og den er eit fint teskot åt det feite sæterhøyet. Attåt di køyrer dei heim på sætri fjellbjørk som bølingen går ute og bit riset av, og denne beiti er heller ikkje noko låkt teskot. Fjellhøy, mose og beit er føring som unge kjem seg godt av. Ferdene burt og heim millom garden og sætri um vinteren, og sidan det at feet på sætri kvar dag gjekk ute og beit ris, gjorde dei hardbalne og friske. Dei fekk både frisk luft og ljøs nok, og fekk røyve kroppen istadenfor å stå bunde inne halve året i eit myrkt fjøs på ein trong bås.» Sitat slutt.

Eg hadde ei samtale med Olav Gjesling Sandbo um vinterlego på sæteren. Siste året dei låg på sætra um vinteren var i 1937. På Sandbu har dei svært lang sæterveig, heile 6 mil, så dei hadde kvilingssæter i Randsverk, ca halvvegs. Sætra ligg i Russlia i Sjodalen. Folket som var på sætra var budeie, køyrekar og ein pjank. Dette var ein framveksting (ungdom) som oftast.

Det var den vanlege skulen dei gjekk, tenestegutane i gamle dagar, at dei byrja å køyre ein hest i mosefjellet og i beitskogen når dei var ferdige med skulen. På spørsmål om det hadde gått an å vera på setra um vinteren utan hesten, seier Olav: -Nei, det hadde vorte umkomst med ein gong det, gut. Du veit oss kjørde måså, vatn og ved, så øykjein va brukte mest kår ein dag. E hadde ein stor jælk den gongen, etter ein statshingst som heitte Hjerkin. Det va ein spesielt god hest, seier Olav ettertenksamt.



*Russlia 1895. F.v. Mari, Jacob og Guri Sandbo. T.h. ukjent.  
Foto frå Gunnar Sandbo.*

-Vasskjøringje va eit kapittel for seg sjølv, det gjekk mykje vatn åt nautom. Oss kjørde vatn ti ei stor trekasse, ho va like lang og like brei som slæein og ca 70 cm høg. Så ho tok mykje vatn, da veit du. Men denna storgampen gjekk mæ dessa kassun som det skul vore smort!

- Fjöse va inndelt i tri hjølminge (rom). Um vinteren va berre eine hjølmingen i bruk. Når oss hadde inn vatn så kjørde oss inn um søre

døre og tvert gjennom heile fjøset og ut att i nordre enden. E ser det for meg den dag i dag, når denna store gampen tok ti for å dragå vasskassa over dørstokken. Da sto dampen som ei sky utu båe nåsåbåråm på øykje med det små han steig innpå fjøsgolvet, og krytyre kraup innast i båsein når Storbron for forbi. I fremste hjølmingje stod det tvæ store tynno som oss tømde vatnet ti utu kassun.

– Å, det er som eit eventyr å komå i hog det, gut. Det va nok eit slet, men det va mykje triveleg au. Åttifemåringen blir blank i augom medan han fortel, det er tydeleg at det vekkjer sterke minner, dette spesielle fjellivet om vinteren. Han slår i meir kaffe til oss og fortset:

– E minnest ein gong e og bror min, han Iver, kom ned utu fjellet med måsålass. E kjørde storgampen, og n'Iver ha ein klubb te hest unda Brimin. Det mangla ikkje på vilje ti honom, men det va ein tufs, stiv i føtom og umogleg. E kjørde fyry som sagt, men min va mjuk som ein katt. Da e va mesta over Sjoe kome, kjørde n'Iver gjennom isen med øykje sine. Både hesten og sledan gjekk igjennom. Hesten sto på bakføtom i elven med framføtom uppå iskante. E fekk snudd gampen min og gjorde ein snu slik at e kom framum hine hesten med sleda mine.

Så fekk oss løyst frå sledein og fekk på eit reip frå sleda mine og burti øyken hass Iver. Så drog oss øyken innpå isen. Etterpå tok oss igjennom reipet i skåkaugom på sleda og drog uppatt både sledan og lasset te vassdrevet sto ront oss da det kom. Nei du veit oss måtte bli sjølhjølpe når oss låg der burti. Det va ingen an heill se sjøl å lite på.

– Denna storgampen e ha prata um heitte egentleg Godlynt, men oss brukte ikkje det namnet, oss kalla han Bron og Storgampen. Ei julehelg oss låg burti der vart oss burti bede åt han Amund Veggem. Han låg lenger oppi Sjodale ved nere vatnet. Ja, så sku oss tå åt ein kveld og kjøre julkut som oss sa. Det va enda så klårt og fint denne kvelden, månin sto full burtpå ei hø og skein, men det va smellkalt. E hugsa ikkje gradein, men kalt va det. Som oss kom fram dit feinn oss ut at det va for kalt for øykje å stå ute. Men det va berre eit lite fjøs der burti mæ tvæ ky ti, og døre va berre ein meter og femogtjuge frå dørstokk te karmtopp. Å nå trur du vel e lyg ti de, men det er så sant som e her sit – gampen bøygde se i hop å kraup inn i detta vesle holet av eit fjøs. Det er heilt ufatteleg at det gjekk an.



*Frå Russlia. T.h. Olav Sandbo. Foto frå Gunnar Sandbo.*

Oss takka for kaffe og gode historio og blir følgt på garden av Olav, som nå bur einsleg på denne gamle riddergarden der Sandburidderen kom frå.

# Seterbudeia

Av Knut Raastad

I tidlegare tider var det krytystell med mjølking på alle setrene. Budeiene som hadde ansvaret for buskapen kunne vera egne folk på gardane, ofte var dette arbeid for døtrene før dei gifta seg. Ofte kunne det vera gardkjerringa sjølv som var seterbudeie, dette var nok det vanlegaste på mindre bruk. Mange av budeiene var innleigde, og som oftast var dette ungjenter. Men somme dreiv som seterbudeier år etter år i heile yrkeslivet.

Ei som var budeie på ulike setrer år etter år var Ragna Sveum. Ho var også ein representant for dei som var budeie på ei framand seter, men samtidig hadde med seg sin eigen buskap. Ragna Hagen (1927-2008) kom frå Syhågå i Nordherad, ho vart i 1952 gift med Karl Sveum (1917-1991). Tidlegare hadde han vore ei periode i Oslo på snekkerarbeid. Frå midt på 1950-talet og til fyrst på 1960-talet leigde dei Strind mellom Valde og Fellese.

Strind var eit bruk som tilhørde Randen i baksida, dei i Randen kjøpte udyrka areal frå Fellese i 1915 og rydda og bygde eit bruk der. Strind vart da brukt saman med Randen ved at dei flytte i mellom Strind, Randen og Randsetra ved Strondsetrene. Stugu i Randen vart fyrst opptømt i Strind, men vart ikkje sett heilt i stand før ho vart flytta til Randen rundt 1960. Men i Strind var det ei anna mindre stugu og eit lite fjøs. På 1960-talet vart Strind seld til sygard Valde og er i dag ein del av hamninga der.

Både medan dei var i Strind og seinare hadde Ragna og Karl to kyr og ein del geit, kanskje om lag 30 stk. Ragna var i 1955 budeie i Sandnesetra og hadde da med både buskapen på Sandnes og sine egne dyr. Året etter var ho i Viste-Sallia. Uppigard Viste hadde sjølve slutta med setring, så dette året hadde ho utanom sine egne med seg buskapen frå Ulsanden, Syhågå og i tillegg innleigde geit frå Bøverdalen. Vi har ikkje oversikt over korleis det økonomiske oppgjeret var, men reknar med at

ho betalte for dyra ho leigde med seg. Der budeia var innleigd for å vera budeie for den som eigde setra, var det nok vanleg å levere mjølk frå sin eigen buskap i spann med eige leverandørnummer. Likeeins var det vel å kjøpe kraftfor sjølv til egne dyr.

Også før ho hadde egne dyr var Ragna budeie. Ei tid var ho budeie på oppigard Viste og da var ho også på setra, vi veit for eksempel at ho var på Viste i 1946. Fyrst på 1950-talet var ho budeie på nordpå Strondsetra, i 1951 i Viste-Slomba og i 1952 i Viken i Bønleslia (setra til Stokstad). Dei fleste somrane på 1950-talet var broren Halvdan f. 1942 med som hjelp.

I 1957 vart det starta med felleseter for geit i Fellese-setra i Russlia og fjøset der vart ominnreidd til geit. Geitbudeier dette året var Ragna Sveum og Kari Blankenborg (gift med Even Hagen i 1958). I tillegg hadde Ragna med seg sin eigen buskap. Seinare kom fellesetrene for geit i Griningsdalen, men den fyrste var i Russlia. Også seinare, kanskje både i 1958 og 1959 var Ragna budeie i Russlia, utanom sine egne dyr og buskapen i Syhågå leigde ho da geitene til Johan Kobbbersletten.

Eit år eller to om lag 1960-1961 budde Ragna og Karl på nørðre Vangen i Randsverk, setra til nigard Sandbu, der Kristoffer Bakkom heldt til i mange år. Der var dei året rundt. Så vidare utover 1960-talet leigde dei Kokkehaugen i Vågåmo og hadde kyr og geit der, i tillegg til jorda på Kokkehaugen leigde dei jorda på sygard Sunde. På Kokkehaugen var dei fram til ca. 1975, da leigde dei bustad i andre etasjen hjå Svareie nedanfor Vågåheimen. Fjøs til kyrne leigde dei hjå Arnesen i Skinnar-moen (Pressmo), om dei hadde geit så lenge er usikkert. Fire – fem kyr var det nå. Framleis vart det onna på sygard Sunde. Karl fekk leddgikt og vart etter kvart trygda, og i 1982 bygde dei seg hus i Sveaholen og flytte dit. Gardsdrifta var da avvikla, siste vinteren var kyrne på nordgard Viste. Men om somrane heldt Ragna fram med å vera seterbudeie.


Attende til setrene. Eit år var Ragna budeie i Bolstadsetra i Sjolja, da var geitene hennar i fellesettra i Griningsdalen. Frå ca. 1962 var Ragna i Fuglsetrene og Larsbusetrene. I Lyesetra var Margit Olsen med som budeie, det var geitene som Lye da hadde på setra. Geitene vart handmjølka og dette var så mykje arbeid at dei måtte vera to.





*Ragna Sveum i 1974. Fotoutlån: Kjell Hagen.*





Mjølkemaskinen hadde gjort sitt inntog så når det var kyr som skulle mjølkast, gjekk det fortare. Vidare utover 1960-talet var Ragna budeie i Bondestugusetra, Heggerosetra, Brunsetra og ca. 1972-73 i nigard Kvarbergsetra. Alle åra hadde ho med sine egne dyr i tillegg til buskapen til setereigaren.

Frå midt på 1970-talet vart Ragna med onkelen Nils Dalestuen som budeie i Vistesetra i Slomba. Der var ho også med etter at ho slutta med egne dyr, fram til midt på 1980-talet var Ragna og Nils der.



*Ragna Sveum på sygard Sunde i 1971. Fotoutlån: Kjell Hagen.*

Kjelder:  
Kari og Even Hagen.  
Kjell Ivar Hagen.  
Olav Kvarberg.

# Ottaldsgardenes setrer på Hovdasfjellet

Av Vegard Veierød

”Øvst uppi Ottdale upp-ve Lalmsbrue, ris de te-ve`rs ein høg Fjell-Tinn som kallas Ottalds-Hovda, hell Hovdas-Piggen”. Slik beskriver Ivar Kleiven i boka Gamle daagaa fjellet hvor Hovdas-setrene ligger. Fjellområdet mellom Hovdaspiggen og sørover mot Veggumskampen, har i all tid vært privateid. Fjellet har hatt ulike navn opp gjennom tidene etter hvilke gårder nedenfor som har eid og brukt arealet inne på toppen. Navn som har vært brukt om Hovdasfjellet er Kleivhovda og Pillarvig-hovda i tillegg til sørhovda sør på Hovdasfjellet.

Av setermatrikkelen fra 1666 fremgår det at det da var tre setrer i dette området. Det var setrene til; Pål Kleiven som hadde seter på Kløvshovda (Kleivsetra), Gudbrand Øverli med SørHovda seter (Liasetra) og Svein Lien med Hovdesetra (Lauvrustsetra).



Vi vet at mange av gårdene nede i bygda ble rydda mot slutten av 1500-tallet og på begynnelsen av 1600-tallet. Setrene deres er derfor trolig tilkommet i første halvdel av 1600-tallet.

På Hovdasfjellet er det i dag 3 setrer. Ingen av dem blir brukt med melkekyr lengre, men alle blir fortsatt onna og holdt i hevd. Det er Kleivsetra, Lykkjesetra og Svarvarhaugsetra. Litt lenger sør, på fjellryggen mot Veggumskampen, finner vi Liasetra, Lauvrustsetra og Hanslisetra, som ikke lenger benyttes som setrer.

*Et kart fra før 1756 viser at Pillervigen, Eiden og øvre, nedre og søndre Lien var markert som store bruk, mens Kleiven, Svarvarhaugen, Rusten, Løkken og Odden var mindre bruk på den tida.*

## **Hovdasetra / Kleivsetra**

Hovdasetra er den midterste av dagens setrer på Hovdasfjellet og tilhører gården Nordre Kleiven, gnr 158, bnr 1. Det er denne gården som har det meste av arealet og det er trolig deres seterareal som var det første som ble rydda her oppe. I 1670 var Kleiven ett bruk og størrelsen på setra gav ett lass høy, tilsvarende en skyld på 2 skilling. I 1711 er det nevnt ei seterløkke i Kleiven sine hjemraster som var kalt Finlopsletten. Det er fortsatt usikkert hvor den var. Gården har vært i samme ætt siden 1750. Før den tid var gården krongods. Setra til Kleiven var fortsatt skattet for ett lass høy i 1788. Tilsvarende vedvarte frem til 1842, da gården Kleiven var blitt delt opp, og brukene søre og nordre Kleiven hadde fått hver sin seter her. De gav et halvt lass høy hver. Vi må derfor anta at de delte seterarealet og det skulle tilsi at det har vært tilnærmet like stort hele tiden.

Tre nedlagte setrer kalt Vetl-Oddesetra, Rustsetra og Randsetra var setrer til husmannsbruk under søre Kleiven. De to førstnevnte har trolig vært uten hus. Etter en rettssak med grenseoppgang på 1960-tallet, måtte søre Kleiven, gnr 158 bnr 2, gi fra seg seterarealet sitt til nordre Kleiven. De tre nevnte seterarealene inngår derfor i nordre Kleiven sitt område, men fremstår som villmark i dag. Alle disse små kveene er fortsatt merka med merkesteiner. Stedet der Randen nordre og Rusten hadde seter, sør for Hovdasetrene, ble kalt Langdokken. Her var det fortsatt mulig å se rester etter gjerde og hustuffer sa Hans O. Randen i 1975. Disse setrene ble nedlagt for ca 140 år siden. Søre Kleiven kjøpte gården Randen i 1977. I dag har gården to arealer sør for Hovdasetrene. På Kleivsetra var det melkeproduksjon frem til 2001. Stua er fra 1837 og ble påbygd i 1991. Fjøset er fra 1876 og låven er fra 1946. I tillegg er det ystehus, aurbu og ei gammel løe.

## **Lykkjesetra**

Setra ligger lengst sør av setrene på Hovdasfjellet og tilhører Øvre Lykkja, gnr 158, bnr 7. Den er på ca 10 da og hadde melkeproduksjon frem til 2016. Det var opphold i seterdrifta her i perioden 1944-1964. På setra er det ei stue fra 1938 som ble påbygd i 1990. Fjøset er fra 1905 og ble flytta fra nordre Nerlien i 1964. Et nytt fjøs ble satt opp her i 1985. Den gamle låven kommer fra øvre Lykkja. I tillegg er det ei aurbu og ei gammel løe. Ola Sagstuen kjøpte Randsetra med stue og fjøs og la den til denne setra. Seterkvea til nedre Lykkja, gnr 158 bnr 17, som lå inntil



*Den nye stua på Lykkjesetra i ferd med å bli satt opp i 1934. Utlån: Mari Lien.*

Lykkjesetra, ble kjøpt i 1972 og lagt til Lykkjesetra. Stua på Randsetra ble kjøpt av Syver Kleiven til hytte og flytta i 1965. Husene som stod på øvre Lykkjesetra, stod på den andre siden av kvea. Ei eldre stue ble revet og sagt opp til gjerdestolper. Ny stue ble satt opp, men husa ble senere flytta dit husa på Randsetra hadde stått. Begge husene på nedre Lykkjesetra ble solgt i 1969 som fritidssted. Løa bak Kleivlåven er flytta til de andre husene på setra og brukt som skåle i dag. Løa, som tidligere stod helt utpå kanten på nedre Lykkjesetra, er flytta inntil stua og brukt til sovehus. Gården har vært i samme ætt siden 1899, da Ivar Kleiven solgte den.

### **Svarvarhaugsetra**

Denne setra ligger lengst vest av Hovdasetrene. Den tilhører Svarvarhaugen, gnr 160, bnr 3. Rydningsmannen på Svarvarhaugen var, ifølge Ivar Kleiven, Knut Amundsen (1755-1842). Ivar Kleiven beretter i boka Segner fra Vaagaa om Eie-busin som var bruker på Svarvarhaugen og



*Olav Hanslien og Anders Sandvig foran den gamle Svarvarhaug løa. Olav ville vise ham innskriften på veggene fordi den gamle løa kanskje kunne egne seg for å bli kjøpt inn til Maihaugen.*


brukte setra her i tiden rundt 1789. Svarvarhaugen er utskilt som husmannsbruk under Eide. Fra ei beitetvist i 1949 fremgår det at Svarvarhaugsetra på Hovdasetra en gang i tiden tilhørte øvre Hammer. Svarvarhaugen hadde på samme tid skaffet seg en privat seter inntil Hammer si seter i Bøneslia. Av praktiske grunner (veilengde) byttet de slik at Svarvarhaugen fikk setra innpå Hovdasfjellet og Hammer la Svarvarhaugsetra under setra si (dvs det som i dag utgjør Kleivsetra som Ivar Kleiven bodde på). Byttet er antatt at skjedde i slutten av 1780-årene. Da var Hammersetra på Hovdasfjellet så forfallen at Svarvarhaugen måtte sette opp ny stue og nytt fjøs. Det var kun låven som fortsatt ble brukt. I denne er det innrisset noen figurer (enkelte kaller det runer) på veggene, så den er antatt å være eldgammel. Setra er idag på 4da. I matrikkelen fra 1695 står det inntektsført at Hammer hadde engeslått i Hovdaseter som gav ett lass høy. I 1719 var mengden økt til 2 lass høy.

## Liasetra

Sør for Hovda finner vi Liasetra. Det var gammelstulen til gården Øvre Lien, gnr 159 bnr 1. Den er anlagt i ca 1630 og ligger på Øverlien sin eiendom. Setra ligger mellom Hanslisetra og Hovdasetrene. I matrikkelen av 1666 står det at gården Lien hadde sørHovda seter til sommerbed. Da var det Gudbrand Lodenson Øverli som hadde setra her. Ivar Kleiven mente seterbolet ble flytta fra Kleivhovda til Bringen i 1670. Da ble Liasetra brukt bare vår og høst. I 1782 står Lien oppført med 3 lass høy på sine enge og fjellslåtter og det er nok da innregnet både denne setra og setra på Bringen. Det har stått flere hus her tidligere, tre av dem var steinfjøs, to av dem er takløse i dag.

Siden Øverlien hadde tatt i bruk seter ved Bringen og senere i Bønleslia, gjorde de mindre bruk av den gamle setra si på sørHovda. Husmannsbrukene under Øverlien; Orrhaugen og Brennhaugen fikk derfor bruke denne setra.

I 1882 ble stua fra Sørhaugsetra flytta nord på Liasetra. I denne tida var det fire bruk som nytta setra og det er sagt at de fire budeiene lå i hvert



*Et kart fra 1832 viser at det da var fire setrer i bruk på Hovdasfjellet. Det var Pillarvigsetra og Rustsetra på Pillervighovden (som fjellet het da), samt øvre og nedre Liasetra lenger sør. Vi ser av kartet at det gikk veier opp til setrene på den tida. Disse veiene ble brukt av hest med slede og er fortsatt mulig å gå den dag i dag.*

sitt hjørne av seterstua når alle var der. Ellers stelte budeiene dyra ei uke hver. I ca 1920 satte eieren av Sørhaugen også opp ei lita stue på Liasetra av halvplank. Det er fortalt at han ville bruke den i forbindelse med mosetaking, istedenfor den gamle som var golvløs og kald. Begge disse husene ble solgt og flyttet fra setra i 1951-52. Den gamle Sørhaugstua ble kjøpt av Syver Kleiven og bygd inn i stua på nedre Lykkjesetra.

Den andre stua av halvplank ble kjøpt av Knut Fossen og satt opp ved Melingen. Den eldste bygningen som stod igjen, seterstua til Øverlien, og laftedelen av et steinfjøs ble tatt ned i 2013, restaurert og satt opp igjen i 2014. Stua hadde trolig vært ei ljorestue, siden det ble funnet rester av kull midt i stua da den ble tatt ned. Et steingjerde innrammer fortsatt deler av kvea. Tidligere stod det ei løe ut på kanten der stien går ned mot dalen. Den ble tatt ned av brukern på Sørhaugen og sagd opp til gjerdestolper. Det ble aldri satt opp noe gjerde, så stolpene ligger utover der enda. Det var kyr her fram til 1958. Setra har på folkemunne en tid blitt kalt Brennhaugsetra, da den var mest brukt av dette bruket. Den har nå ligget ubrukt i 100 år.

### **Sørhaugsetra**

Sørhaugen, gnr 160 bnr 2, var et husmannsbruk under Eide. Eide er en gammel gård som er antatt ryddet på 1300-tallet. I matrikkelen av 1782 fremgår det at Eide da hadde ei seter som gav ½ lass høy. I 1789 ble gården tatt av Ofsen og ble liggende øde veldig lenge. Eide si seter lå på deres egen eiendom litt sør for Liasetra, nede i det som er bjørkeskog i dag på et sted kalt Vetlkampen. Setra var ikke inntegnet på kart i 1832 og det kan tyde på at den lå brakk etter at gården gikk med. Vi må anta at husmannsbruket Sørhaugen overtok bruken av setra når hovedbølet ble borte. Stua fra denne setra ble flytta nord på Liasetra i 1882. Årsaken til flyttingen av stua er usikker, men trolig var det av praktiske årsaker som det å ha fellesseter, og det at setra var i sterkt forfall. Da Sørhaugen ble utskilt i 1905 stod det i papirene at de hadde seter innpå fjellet. De hadde da et hus på Liasetra, men det var ikke deres rette seterareal.

### **Setrer ved Selsgrensa i sør**

Helt sør i Vågå, ved grensa mot Sel, ligger to setrer. Det er Lauvrustsetra og Hanslisetra. Setrene ligger i nærheten av Båshaugen. Dette navnet kommer av at det var en gammel fangstinnretning her fortalte Ola Eide i 1963. Båshaugen ligger ellers inntil et lite tjønn som heter



Haukjågartjønnet. Navnet kommer av at det en gang var en hauk som jaget en okse rundt vannet her.

### Lauvrustsetra

Denne setra er fra gammalt av seter til Nerlien (nedre Lien gnr 161, bnr 1) og er nevnt allerede i matrikkelen av 1666. Den ligger lengst sør av setrene i Vågå og var en periode seter til Amundgaard 161/2 og Lauvrusten 161/4, som begge var husmannsbruk under Nerlien. De hadde felles kve og seterhus. Amundgaard ble skilt ut fra Nedre Lien i 1853 og solgt til Veggum (eierskapet vedvarte frem til 1939), mens Lauvrusten ble utskilt i 1867.



*Kart som viser bygningene på Lauvrustsetra og Hanslietsetra i dag.*

Setra ligger nedenfor Hanslietsetra. Ved en grenseoppgang på slutten av 1960-tallet endte det med at Lauvrusten ble eier av hele setra, trolig som følge av at Amundgaard ikke lenger brukte setra eller hadde bruk for den til drifta av gården. Melkeproduksjonen holdt på her frem til 1949. Stua er gammel og ble satt opp i 1910. Huset er flytta hit fra et annet sted. I tillegg er det et 100 år gammelt ystehus, en eldre låve og et steinfjøs hvor det står 1919 i øvre dørstokken.

### Hanslietsetra

Denne setra tilhører gården Hanslie, gnr 161, bnr 9, som også er utskilt fra gården Nerlien. Hanslien har bruksrett til setra og den ligger innenfor Lauvrusten sin eiendom. Den er på 20 da med udyrka jord som har blitt brukt som kalvkve. Setra er rydda etter at Nerlien anla Lauvrustsetra på midten av 1600-tallet. Da var den kalt Hulbekksetra. Det var mjølkeproduksjon her frem til 1954. Da ble melka kjørt ned til bygda med hest. Stua er gammel, i tillegg er det et ystehus, fjøs og en låve her. Fjøsset er i ferd med å falle ned og låven står nok ikke lenge uten vøling. Gården har vært i ætta siden 1843. Det sies at det var far til Hansliguten (f.1806) som bygde den setra som er der i dag. Ivar Kleiven beretter i boka Elvesøg om Hansliguten som brukte setra sammen med sin mor.



*Maleri av Hanslisetra som Olav Hanslin har malt.*

Litt lenger sør mot Harildstادتjønne er det også spor etter gamle setrer. En ser fortsatt tufter etter ei på ei grasslette der fortalte Magnus og Ola Hanslin i 1975. De mente at Hanslin hadde hatt seter der tidligere. Den skulle visstnok ha brent ned og de hadde sett brente stokker liggende der. Like nordafor heter det "gammelseterdokkje". Sørlien skal ha hatt seter der.

# Heime og ute – ei bragd av ei bok

Av Oskar Vistdal

I føreordet til Ivar Kleivens roman *Frå Skotteåre* (1935) står det at Gudbrandsdal Boklag hadde “teke til å prente Heime og ute, ei brevveksling millom Ivar Kleiven og bladstyrar Kristian Prestgard.” Høveleg tittel var såleis vald alt den gongen, men prenting av breva laut vente i 82 år.

*Heime og ute* med 178 brev kom ut på Novus forlag i Oslo hausten 2017 med stønad frå Drammen og Eiker mållag, Gudbrandsdal historielag, Heidal historielag, Mållaget Ivar Kleiven, Ringebu historielag, Sel historielag, Sel kommune, Stiftinga G-kultur, Vågå historielag og Vågå kommune.

Gudmund Harildstad ved Nasjonalbiblioteket og Kristoffer Kruken ved Universitetet i Oslo stod for utgåva. Ingen kunne ha vore betre skikka til arbeidet, langrøynde som båe er med utgjeving av kjeldeskrifter og med god kjennskap til den historiske samanhengen og den språklege tradisjonen breva vart skrivne i. Det ligg eit kolossalt arbeid attom utgjevinga, og Harildstad og Kruken kunne ikkje ha skilt seg betre frå det. Boka er ei bragd, det viktigaste kjeldehistoriske skriftet med emne frå Gudbrandsdalen som er utkome etter tusenårsskiftet. Eit velgjort verk som mange burde skaffe seg.

Ivar Kleiven var tremenning ved far hans Kristian Prestgard, så dei kjende kvarandre gjennom slekta. Vinteren 1885–1886 gjekk dei i lag på folkehøgskulen i Seljord, og vart då nære vener. Dei byrja skrive brev åt einannan då Prestgard våren 1886 reiste til Danmark for å gå på folkehøgskule der, og heldt fram til 1932, så lenge Kleiven var skrivefær. Han skreiv dei fleste breva frå heimbygda, medan Prestgard etter 1893 skreiv frå Amerika, der han vart verande resten av livet som forfattar, journalist og etter kvart redaktør av Decorah-Posten, det største norsk-amerikanske bladet.

Breva er både viktige kjeldeskrifter og underholdande samtidsbilete frå brytinga mellom gammalt og nytt i politikk, næringsliv, samferdsle, språk og kultur både i Noreg og Amerika ein mannsalder på båe sider av førre hundreårsskiftet. Breva er fulle av liv og lent, lått og løgje, av innsyn og engasjement. Dei er tydeleg merkte av at båe skrivarane var overtydde norskdoms- og målmenn, politisk radikale og religiøst fritenkjande. Dei kastar ljøs over motsette læger i rørslene brevbrørne kjende seg heime i, og båe to svingar sveigen over undertrykking, trongsyn og maktmisbruk i samfunnsliv, skule og kyrkje.

At dette viktige tilfanget ikkje kom ålmenta for auga tidlegare, krev forklaring. Den 26. november 1988 melde Gudbrandsdølen at Erland Grev, formann i Vågå historielag, hadde fått tak i ei stor samling med verdfulle brev som hadde vore på vidvanke i femti år. Det var nettopp brevbyttet mellom Kleiven og Prestgard. Laget hadde i si tid lånt ut breva til historikaren Arne Odd Johnsen, som i sin tur hadde late m.a. Halvard Grude Forfang bruke dei som vyrke til boka han skreiv om Kleiven under krigen. Grude Forfang skriv der at han bygde det meste av boka på “dei nærare 170 breva” mellom Kleiven og Prestgard. Sidan var det lenge uvisst om breva hadde overlevd i vandring mellom ymse folk i krigsåra.

I 1952 var tanken om utgjeving enno levande. Den 1. september det året refererte bladet Dagingen frå årsmøtet i Gudbrandsdal Historielag at brevskiftet “vil kan hende bli gitt ut i bokform.” Det vart med tanken, for sidan vara det over eit kvart hundreår før meir hende. Etter ti års strev frå 1979 til 1988 greidde Erland Grev endeleg å få breva attende til historielaget – men ikkje utan kamp og advokathjelp.

Kleiven hadde testamentert samlingane sine til Vågå historielag, som etter at han døydde, skreiv til Prestgard at det var funne ein “stor bunt brev” frå honom “innbundet i bokform”. Historielaget ville vita om han hadde teki vare på brev frå Kleiven, og om laget kunne få dei. Prestgard skriv i sjølvbiografien sin at han hadde “gjemt hvert eneste brev jeg hadde faat fra han Ivar fra februar 1886 til hans død”, og sende dei til Vågå i 1934.

Både Kleiven og Prestgard kjende Arne Odd Johnsen frå samarbeid med far hans, Oscar Albert Johnsen, om innsamling av amerikabrev. I arkivet



*Ungdomsvenner ca. 1890. F.v. Ragnhild Snerle, Ivar Kleiven, Rønnaug Veggum,*



*Jon Kjølstad (Skår), Gunhild Kjølstad, Pål Nygaard.*

til Norwegian-American Historical Association i Northfield (Minnesota) finst fleire brev frå Johnsen d.y. til Prestgard frå tidsrommet 1934–1938, altså frå same året som Kleiven døydde og utetter. Johnsen hadde tenkt å nytte brevskiftet som “grunnlag for en biografi av Ivar Kleiven, men først ville han utgi hele samlingen i bokform,” skriv Prestgard – rett nok mot hans vilje.

Johnsen gav ut korkje biografi eller brevbok, men vart sitjande på brevsamlinga til han døydde i 1985. Då etterlyste Erland Grev breva i dødsbuet. Fyrst etter at advokat Kåre Lund vart kopla inn, kom svar om at samlingane etter Johnsen skulle overførast til Universitetsbiblioteket, men at brevskiftet mellom Kleiven og Prestgard ikkje fanst der.

“Då miste eg nesten vona og var redd breva var lånte bort vidare,” fortalde Erland Grev til Gudbrandsdølen. “Men ein dag ringde Kåre Lund og fortalde at dei hadde funne breva frå Prestgard i ein haug med papir som skulle kastast. Dermed vart dei berga, men Kleivbrevva var framleis borte.” Etter ei tid varsla enkjefru Birgitte Paus Johnsen Kåre Lund om at ho likevel hadde funne breva, som i 1988 vart overførde til Norddalsarkivet i Moom.



*Kleivsætra.*

Brevsamlinga er dessverre ikkje fullstendig. Brev frå Prestgard mellom februar og november 1886 – minst ti stykke – er borte. På nyåret i 1889 skreiv Kleiven at han hadde “liggjande eit par tylfter med brev frå deg” som han hadde “kosta hefting og umslag på”. Om dette er “bunten” Prestgard nemner i sjølvbiografien, er uvisst.

Også fire–fem andre stader i boka er det vist til bortkomne brev, særleg frå Prestgard. Grude Forfang viser som nemnt til “bortimot 170” brev, medan *Heime og ute* inneheld 178. Det tyder på at heller ikkje han hadde tilgang til dei fyrste breva frå Prestgard, truleg heftet “med umslag”. Om dei enno kan finnast, er uvisst. Dei er i alle fall ikkje i samlingane etter Arne Odd Johnsen, som Gudmund Harildstad òg har gått igjennom.

Dei 178 breva – 108 frå Kleiven og 70 frå Prestgard – fyller 413 av dei 498 sidene i boka, kvart brev har såleis gjennomsnittslengd på nesten 2 1/2 trykksider, i handskrift minst dobbelt så lange. Nokre brev er stuttare, men mange monaleg lengre, sume reine avhandlingane, innhaldsrike og velskrivne, ikkje fjaska saman i snøgghet.

Harildstads hovudinnsats er nøyaktig innskriving av breva. Resten av boka er Krukens verk: Biografiske artiklar om Prestgard (7 sider) og Kleiven (8 sider) med samanfattande tidstavler over livet deira og oversyn over den viktigaste litteraturen om dei. Deretter kronologisk liste over breva med datering og sendestader, emneregister (13 sider) og personregister (29 sider) med over 700 namn. Ein føremon med registra er at dei ikkje berre listar opp personar, men òg opplyser kven dei var og når dei levde. Boka er utstyrt med ikkje færre enn 525 fotnotar med merknader om og forklaringar av emne som er omtala i breva. Krukens biografiske artiklar er det beste som er skrivi om Kleiven og Prestgard i sakleg, nøytral leksikonstil. Alt viktig og ingenting uviktig er med. Det avsluttande avsnittet om sjølve brevsamlinga og utgjevingsprinsippa er òg mønstergildt.

I innleidinga er nemnt at det er ei skjønssak kor mykje som skal takast med i register og merknader. Ofte er det eit spørsmål om plass, særleg i ei så omfangsrik bok som dette. Dersom meir skulle vore med, vørte ho ulagleg stor. Det same gjeld illustrasjonar, av dei har boka einast ni fotografi av og med Kleiven og Prestgard. I tillegg kunne ein nok ynskt faksimile av eit par originale brevsider for å syne handskriftene deira.





*Ivar Kleiven. Skogplanting i Bøneslien i 1913.*

Størst saknad er det kanskje etter språklege merknader, for når sant skal seiast, er boka langt frå lettlesen. Ho har hundrevis av gamle ord og uttrykk som er ukjende for vagværer – og flest andre – under femti år. Dertil kjem at brevskrivarane nyttar skiftande skrivemåte, ein lapskaus av landsmål, dansk og dialekt, dølamål med innslag av tele-, sogna- og jamvel vossamål i hermer etter Per Sivle, som stod høgt åt båe to. Varierande saman- og særskrivning av ord kan òg verke forvirrande. Såleis vøre ordforklaringar ynskjelege, men ville ha gjort boka uhandterleg. Nokre døme: *dagstødja* 'datere', *fjelster* 'gøymestad', *gjølming* 'binge', *glåm* 'drikke av skjor og vatn', *hympe* 'stykke, klump', *kostvero* 'kosthald', *lavask* 'øyrefik', *må i von* 'unnvera', *nerk* '(livs)kraft', *på sidkasten* 'i det siste', *skaplag* 'pliktarbeid', *skålfikast* 'ligge i lake', *skårjaga* 'kappslå med ljå', *uppslo* 'endefram tale', *ørgeit* 'vimsut geit'.

Mangt av måltilfanget i brevboka finst i andre bøker av Kleiven. Andreas Bjørkum laga ein gong ei liste med forklaringar til *I gamle Daagaa*, ålmenta på heimesida til Vågå kommune. Der finst ho dessverre ikkje lenger. Vågå historielag burde oppdatere denne lista med tilfang frå brevboka og leggje henne ut på si nettside – eller ei eiga side om Kleiven. Til mønster kunne ein ha ordlista som Olav Bø og Reidar Djupedal laga til Johannes Skars *Gamalt or Sætedal*, som dermed vart meir tilgjengeleg for nye generasjonar.

Denne meldinga gjev elles plass til berre spreidde merknader om målbruk. Brevna er ei språkleg gullgruve med mengder av særdrag i vågå-målet for 150 år sidan. Mest interessant er kanskje måten målvokstere til dei to skrivarane kjem til uttrykk på. Frå leitande uvisse voks målbruken hjå Kleiven til målhegd utan make. Han la seg til ein vekselverknad mellom tale og skrift som få andre i hans samtid og endå færre maktar no. Prestgard hadde emne og anlegg til det same, men utlegda i Amerika førde etter kvart til brot med heimemålet, slik at han etter 1900 skreiv betre dansk enn norsk. Dette plaga han så mykje at han treiv til eit amerikansk uttrykk og kalla seg “Jack of all trades and master of none – alle Slags Kar so nær som bra Kar.”



*Ivar Kleiven.*

Av mange særdrag hjå Kleiven skal nemnast berre eit par som no er ute or målet: konjunksjonen *hjelp ikkje* i staden for eller vekslande med *sjølv om*, og *bera til*, ein såkalla aspektkonstruksjon til uttrykk for byrjande handling, som finst eit trettitals gonger i boka, t.d. “vonbrote bar te aa heta oppmed øyrom.”

Lesarane vil leggje merke til mange utelatingar i breva merkte med [...]. Utgjevarane opplyser at dette gjeld “affektive ord og uttrykk”, altså bannskap, som baa skrivarane kryddar breva med. Særleg i den fyrste tida kan ein nok tykkja at banninga er overdrivi, men ho uttrykkjer kameratsleg tone mellom dei to, og dessutan var banning kanskje vanlegare i deira tid enn seinare. Sagnaden etter bannskapen er kanskje ikkje stor, men nokre stader fører utelatingane til hol og brot i stil og setningssamanheng.

Elles var det kanskje vandt å velja mellom kva som skulle utelatast og kva som skulle vera med. Ein god del kraftuttrykk og eidar av mildare slag står att, både kreative og typiske i eldre vågsmål. Nokre er uttrykk med dyrenemningar som hund og katt: *hunden pitle, hunden rugge, hunden krepentere, katten palmyre*. Andre: *biska deg, dyrande deg, stygga, pine jord, trollen raspe, neibbe, jabbe, jagguste, jadden, nei guste, farken faringen, jæken smette, svartøygde farken, jeven søkkje, du levande malebarius, den heite sylte heile herkjeriet, djæven brennsteikje, brennande dø, rispeterer meg, skamma godt, kaldhjelm, dækeren i vold, kom våge meg, dyka deg*. Bannskap får ofte fylgje av oppnamn som *eiterkveise, kaldgrautmeisk, galdpose, hundsvott, kauranakkje, skitskove, gjøtlpurke, sildnakkje, matpukje, tyras, oskegris, kjerringpyngle, tusilur*.

Artig er likeins måten baa – kanskje mest Prestgard – leikar seg med framandord på med å kle dei opp i norskliknande bunad. Her var dei nok inspirerte av Vinje, Garborg og fleire, t.d. i flittug bruk av *hikstori* ‘historie’. Bortimot eit sneis gonger nyttar dei *spekulasi* (eigenleg same ord som *spekulasjon*) om noko overlag eller unaturleg, i forma *spekendas* eller *spekendasi*. Andre: *rispetrant* ‘representant’, *viskvask* ‘visvas’, *melovitt* ‘menuett’, *liknement* ‘likskap’, *spikjilering* ‘spekulering’, *dukkement* ‘dokument’, *kongservastiv* ‘konservativ’, *skjølsmesse* ‘skilsmisse’, *avendeslutt* ‘absolutt’, *kvarantene* ‘karantene’, *regjorde* ‘regjerte’, *prontekoll* ‘protokoll’, *abekatteri* ‘jåleri’, *urtegrafi* ‘ortografi’.



*Ivar Kleiven ved skåpet etter bestefaren.*

Vantande samsvar mellom skrifttradisjon og lokal uttale har ført til skiftande former i fleire bygdanamn. Særleg dei eldste breva har overvekt av offisiell eller dansk skrivemåte *Vaage/Våge*, som Prestgard stort sett heldt fast ved, medan Kleiven frå midten av 1890-åra gjekk over til *Vaagaa/Vågå*. Truleg i samsvar med dette skreiv båe to i byrjinga *Vaagevær/Vågevær*, som Kleiven sist i 1890-åra bytte ut med *Vaagaaver* eller den “rette” bygdaforma *Vagver*, om lag like mange døme på kvar variant. Hjå Prestgard finst *Vagver* berre ein gong.

Skriveforma *Sell* er Kleiven einsleg med, i alt 31 døme, medan Prestgard alltid skriv *Sel* (12 døme) i breva, derimot *Sell* og jamvel *Sellvær* i boka *En sommer i Norge* (1928). *Sell* var den tradisjonelle forma, som Kleiven til liks med t.d. Georg Sauerwein i *Frie Viso* (1885) kanskje heldt på som markering av stuttstava uttale. *Sell* er nærast einerådande i *I gamle Daagaa* òg.

Av andre innbyggjarnamn skriv båe to kvar sin gong *Lø* for *Lomver*, som elles er den rådande forma hjå Kleiven. I *Segner fraa Vaagaa* skriv han at *lø* “no er haldet for eit skam-ord”, men er i breva nytta i rosande omtale av lomværer.

Elles skreiv Kleiven alltid *Eidsfossen*, både i breva og m.a. i *Segner fraa Vaagaa* (der *Eissfossen*), *I Heimegrendi* og *I gamle Daagaa* – aldri *Eidefoss*, som er namn på eit firma, ikkje på ein foss. Mest interessant er *Heidalen* med fire skrivemåtar, her nemnde etter førekomst: *Hedalen* (Kleiven 22, Prestgard 4 gonger), *Heiddalen* (Kleiven 17, Prestgard 3), *Heidalen* (Kleiven 8, Prestgard 6) og *Heidal* (Prestgard 8 gonger). Bunden form *Heidalen* samsvarar med målføret, og burde nyttast offisielt m.a. på skilt på same vis som *Sjårdalen*, *Bøverdalen*, *Gudbrandsdalen* osv. Ubunden form *Heidal* skriv Kleiven aldri, og Prestgard på eitt unntak nær berre i danskspråklege brev etter 1920. *Hedalen* dominerer i dei eldste breva, truleg i samsvar med rådande dansk skrivemåte på same måte som *Vaage*. Når Kleiven nytta denne forma såpass mykje, kan det òg vera med støtte i den gamalnorske *Hédalr*, som han kjende frå mange mellomalderskrifter, heimla i heile 18 skinnbrev frå tidsrommet 1319–1543.

*Heidalen* heitte altså opphavleg *Hédalr*, som òg er opphavsforma til *Hedalen* i Valdres (og andre stader). *Heddal(en)* i Telemark har derimot eit anna opphav, han heitte *Heitrdalr* i mellomalderen.

Fyrste leden i *Hédalr* held fleire fagfolk for å vera det eldste namnet på elva gjennom dalen, som i gamalnorsk hadde to variantar, *Hé* og *Hjó*. Sidan gjekk /hj/ over til /sj/ i dølamål og gav forma *Sjoe*. Andre namn med liknande lydovergang er *Hjeltar* og *Hjerkinn*. Varianten *Hé* gjekk derimot tapt utanom i namnet på dalen.

*Heidalen* blir uttala på to måtar, anten med trykk på fyrste stavinga og lang /dd/ og stutt /a/: *heiddaln* eller med trykk på andre stavinga og stutt /d/ og lang /aa/: *hei'daaln*. Dette er grunnen til vaklinga mellom *Heiddalen* og *Heidalen* i breva. Lenging av /d/ i namn på *-dal* og *-døl* finst andre stader i landet òg. Setelsamlinga til Norsk Ordbok gjev såleis opp både *hedøl* og *heddøl* 'mann frå Hedalen' i Valdres. Diftongen i namnet er sekundær, altså ei nyare utvikling, og har samanheng med korleis palatalisering eller muljering artar seg i dølamålet. Etter at konsonanten /d/ i *Hédalr* vart forlenga til /dd/, vart han palatalisert, han fekk i-fengen uttale, tillagt /i/, som etter kvart voks saman med føregåande /e/ til tviljoden /ei/, som vart ålmenn i namnet, same om trykket ligg på fyrste eller andre staving.

Professor Johan Storm, presteson frå Lom og attmed Ivar Aasen i si tid fremste ekspert på norsk folkemål, kalla denne diftongeringa "foregreben palatalisering". Fenomenet kunne òg kallast palatal segmentering: Det palatale innskotet /i/ lagar saman med føregåande /a/ eller /e/ diftongen /ei/. Andre døme er *padde*, *skjedde* og *vedde*, uttala *peidde*, *sjeidde* og *veidde*. Den mest lydrette skrivemåten ville såleis vera *Heiddalen*, som er einerådande i *Segner fraa Vaagaa*, der Kleiven nytta uttalenær lydskrift.

I breva skriv Kleiven mykje om samband og venskap med vitskapsmenn og forfattarar – fleire av dei vitja han på Kleivsetra. Viktigast var truleg samværet og samarbeidet med Steinar Schjøtt i førebuinga av *Dansk-norsk Ordbog*. "Sæl er du som hev fengi so god og maalklok ein Vaagaavær som Ivar Kleiven med i Arbeide," skreiv Arne Garborg til Schjøtt i 1904. Sjølv skriv Kleiven til Prestgard at han "har vorte som ein slags Vaagaamaalskagge Schjøtt driv og tappar av fjerde Aare. [...] At Kaggen har vore nedpaa Bermen longe sia, det har eg sjølv tykt, og sagt det au, men Schjøtt fordømer seg paa at det er drikkandes det som renn av enno, og so slepp eg ikkje av att med Dunken." Nei, han slapp ikkje så lett, for i føreordet til ordboka skriv Schjøtt at han under

samarbeidet med Kleiven oppdaga “at ordbogen kunde bli betydelig fyldigere, end jeg fra først av hadde vovet at haabe, forudsat at jeg vedblivende kunde erholde hans bistand.” Og det fekk han heilt til dess boka kom ut i 1909.

Samarbeidet med Schjøtt var ikkje mindre gjevande for Kleiven. Det var ein god målskule der han lærde både å vørde og temja si eiga dølatunge, slik at Prestgard sidan kunne kalle han Gudbrandsdalens Snorre. Stilvoksteren frå *Segner fraa Vaagaa* (1894) til *I gamle Daagaa* eller *I Heimegrendi* (båe 1908) skriv seg ikkje minst frå samværet med Schjøtt. *Dansk-norsk Ordbog* med alt sitt tilfang frå norsk talemål gjorde dessutan Kleiven landskjend som heimelsmann om språklege minne i vidaste meining, og mange skreiv åt seg opplysningar frå honom.

Det er rett nok uvisst kor mykje hjå Schjøtt som stammar frå Kleiven. Gudmund Harildstad har gått igjennom ordboka med dette for auga og ålmenta resultatet i tidsskriftet *Ord om ord* (1996). Det viste at berre 93 ord i ordboka er heimfeste til Sel eller Vågå. Truleg stammar mange ord og vendingar frå Kleiven utan at han er nemnd som heimelsmann. Elles er forsvinnande fåe uttrykk avgrensa til berre eitt målføre, dei aller fleste har vidare spreiding. Einar Haugen granska oppdalsmålet med dette for auga og fann ut at berre 5 prosent av orda der kunne kallast særoppdalske, ikkje fåe einast lokale former av ord med større utbreiding. Eitt av døma hans er *obulhe* (*ubutleg*) ‘uryddig’, som ikkje er meir særskilt enn at det har nære slektningar synnafjells i uttrykka *butl* ‘rusk’ og *butle ut* ‘reide til’. Kleiven brukar ikkje uttrykket i brev, derimot i boka *Lom og Skjaak*. Talet på eineståande ord er – eller var – neppe større i vågåmål enn i oppdaling.

Ingen har i seinare tiår gjort meir enn Gudmund Harildstad for å gjera skriftene til Ivar Kleiven og Kristian Prestgard tilgjengelege for ny lesing og gransking. Han byrja med bibliografien over skrifter av og om Kleiven i boka *Artiklar av Ivar Kleiven* (1991). Denne bibliografien er umissande for alle som granskar dølasoge ålment og Kleivens verk særskilt.

I 1993 gav Harildstad ut *Frå barndomen*, eit uprenta Kleiv-manuskript frå ikring 1900. På sitt beste står denne boka på jamte med *I Heimegrendi* (1908), det stilistiske hovudverket åt Kleiven. I 1994 gav han ut Kleivens *Brev til Decorah-Posten*, tretten lesarbrev frå tidsrommet 1905–1913.

Like velgjord er Harildstads utgåve av Prestgards sjølvbiografi *Fra Heidal til Decorah. Veien jeg gikk* (1996). Der skriv Prestgard m.a. om trongen for ein biografi om Kleiven, og nemner brevskiftet med honom som umissande kjeldegrunnlag.

Krona på verket er utgåva av dette store brevskiftet, som Harildstad skreiv av tidleg i 1990-åra, men det skulle altså gå eit kvart hundreår før det kunne gjevast ut. Når boka no endeleg ligg føre, fortener Harildstad heider og påskjøning – av Vågå historielag i det minste – for det store arbeidet han har gjort og gjer for å halde minne og medvit om Kleiven og Prestgard levande.

Kjelder:

- Garborg, Arne: *Knudaheibrev*. Kristiania 1904.
- Grude Forfang, Halvard: *Ivar Kleiven 1854–1934*. Oslo 1945.
- Harildstad, Gudmund: “Ivar Kleiven. Ein bibliografi”. I *Artiklar av Ivar Kleiven*. Lillehammer [1991].  
“Dølamål i Steinar Schjøtt: *Dansk-norsk Ordbog*”. I *Ord om ord. Årsskrift for leksikografi*. Oslo 1996.
- Haugen, Einar: *Oppdalsmålet*. Oslo 1982.
- Kleiven, Ivar: *Brev til Decorah-Posten*. Lillehammer 1994.  
“ *Frå barndomen*. Lillehammer 1993.  
“ *Frå Skotteåre*. Lillehammer 1935.  
“ *I gamle Daagaa*. Kristiania 1908.  
“ *I Heimegrendi*. Kristiania 1908.  
“ *Segner fraa Vaagaa*. Kristiania 1894.
- Prestgard, Kristian: *En sommer i Norge. Fra den gamle heimbygd*. Minneapolis 1928.  
“ *Fra Heidal til Decorah. Veien jeg gikk*. Lesja 1996.
- Sauerwein, Georg: *Frie Viso ifraa Viggun*. Kristiania 1885.
- Schjøtt, Steinar: *Dansk-norsk Ordbog*. Kristiania 1909.
- Storm, Johan: *Norvegia. Tidsskrift for det norske Folks Maal og Minder*. Kristiania 1884–1908.
- Vistdal, Oskar: “Sjodalen-Heidalen og andre samrøtingar”. I *Namn og nemne. Tidsskrift for norsk namne gransking*. Bergen 1985.

Alle foto frå Opplandsarkivet Vågå.





*Ivar Kleivens gravøl, formannskapet inne til venstre.  
Alle foto frå Opplandsarkivet Vågå.*



# Slektskap Kristian Prestgard og Ivar Kleiven

Av Knut Raastad

Det er kjend at Kristian Prestgard og Ivar Kleiven var i slekt. I samband med boka om brevskiftet mellom dei har vi funne korleis dette var. Med kjelde "Slekter i Vågå og Lom", Pål Øystein Kvarberg, 2000, finn vi at båe slektar frå ner-Bjørnstad. Kristen Bjørnstad som sette opp dei to store stuguene som står på Maihaugen hadde mange barn. Nr. 4 var Anne som vart gift til Harildstad, ho vart oldemor til Kristian Prestgard. Nr. 6 var Ivar som kom til Snerle, han vart bestefar til Ivar Kleiven. Dermed vart Ivar Kleiven tremenning til far til Kristian Prestgard.

Christen Pålsen Bjørnstad n. 1723-1798, g.m. Mari Olsdotter Sandbu ø-s 1727-1807, 7 barn:

Nr. 4. Anne Christensdotter Bjørnstad n. 1764-1844 g.m. Hans Torsen Harildstad 1755-1826, 7 barn:

1. Kristen Hansen Harildstad 1789-1859 g.m. Mari Gudbrandsdotter Steine 1793-1859, 7 barn:

5. Gudbrand Kristensen Harildstad 1828-1869

g.m. Marit Torsdotter Prestgard 1841-1897, 2 barn:

1. Kristian Gudbrandsen Harildstad/Prestgard 1866-1946

Nr. 6. Iver Christensen Bjørnstad 1768-1856 g.m. Ingrid Jakobsdotter Dale ø 1779-1859, på Snerle, 6 barn:

2. Jakob Iversen Kleiven 1803-1884

g.m. Brit KnutsdotterSvarvarhaugen 1824-1916, 5 barn:

1. Iver Jakobsen Kleiven 1854-1834



*Kristian Prestgard og Ivar Kleiven på Kleivsetra i 1927.*

# Brev til Iver Lunde på Sørem

Av Ivar Kleiven. Utlån av brev: Gunnar G. Sandbo.

Kleivsæter, 8/4 1924

Hr. Iver Lunde

Sørum

Om det av B. Schnitler fortalte mord paa Sørum har jeg ikke fundet den mindste antydning, uagtet jeg har notater fra "sakefaldsregnskaperne" for Vaagaa tilbake til 1528 og jeg tror ikke saken i tilfælde kan være retsbehandlet. Historien om den myrdede handelskar har ellers varianter fra flere bygder i dalen, for eks. fra Slette i Hedalen – man har gjerne i samtiden grepet denne forklaring, naar en mand syntes at komme sig fort op økonomisk.

Forresten er det ikke urimelig, at Schnitler kan ha læst en eller anden av Storm-Wangs romantiske sagnbehandlinger fra Vaagaa, han drev nemlig i sin tid med at radbrække gammel bygdetradisjon dels i "Hermoder", dels i "Idunna", "Bien" og flere andre tidsskrifter i tiden mellom 1828 – 50. En del av hans sagngjengivelser, der alle er romantiske bearbejdelser og helt upaalitelige, har jeg læst men langt fra alle og det kan nok være, at historien om mordet paa Sørem er laget av ham – det ligner ham godt isaafald. Det er ellers lite aa finne om Sørem i gamle arkivsaker, gaarden har nok i den senere middelalder tilhørt ridderen Alv Knutsen paa Grefsen og er sammen med en mengde andre større gaarde i dalen gaaet over til den bekjendte svenske adelsfrue Gyrvheld Fadersdatter, der omkr. 1590 skjenket kongen alt sit norske jordegods. Gaarden var nu i lange tider krongods og bruktes av leilendinger – et par kuld av disse var sikkert av Gjeslingslekten. Omkr. 1667 blev Sørem utlagt til kapteinsgaard for kaptein – senere major – Oluf Brun som ogsaa kjøpte Ner-øy og bodde der. I det 18de aarhundredes første halvdel skiftede nok gaarden eiere flere gange. Riksjellinn paa Dovre, Iver Eliesen og Torsten Haakenstad eiede efterhinanden halvdelen av gaarden.

Det vil være mig kjert at avlægge dig et besøk naar jeg engang kan faa tid til at komme op i Vaagaa som snarest.

Med beste hilsen til dig og kone fra Paul og Ivar Kleiven

Gleivseter 1/4. 1924.

Hr. Iver Lunde

Sörum

Om det av B. Schmitz fortalte mord  
paa Sörum har jeg ikke fundet den mindste an-  
tydning, iagtet jeg har notater fra "saksfaldsregn-  
skoperne" for Vaagaa tilbage til 1528 og jeg  
tro ikke saken i tilfælde kan være retracehand-  
let. Historien om den omjødede handelskar har  
ellers varianter fra flere bygder i dalen, for eks.  
var hørd av derse ved selskap av Gjerdungvæten.

Omkr. 1667 blev Sörum itilagt til kapteingård for  
kaptein - senere major - Oluf Bruin som ogsaa kjøp-  
te Ner-Øi og hadde der, i det 18<sup>de</sup> aarhundrede  
første halvdel skiftede nok gaarden iere flere  
gange: Riksregjelling paa Dorn, Iver Skasen og  
Torsten Haakenstad iide efterhinanden halvdel  
av gaarden

Det vil være mig kjert at avlayge dig et besök  
naar jeg engang kan fua tid til at komme op i Va-  
gaa som snarest.  
Med beste hilsen til dig og kone fra Paul og  
Sørkleiven

# Målaren og skulptøren Olav Hanslin

Av Erik Lillebråten

Den 29. august 1903 vart Olav Hanslin fødd. Hanslin studerte ved Statens Håndverks- og Kunstindustriskolei Oslo 1921-23. Etterpå var han ei stutt tid på Statens Kunstakademi under Christian Krohg og Halvdan Strøm, før han enda opp på Pola Gauguins målarskule (son av Paul Gauguin) i Paris frå ca. 1923-25. Han fortsette på Académie Montparnasse under Per Krohg, Henrik Sørensen og Otto Sköld, og Académie Colarossi. I 1928 vende han heim att til Lalm.




*Olav Hanslin, frå legitimasjonskort 1941. Opplandsarkivet Vågå.*

Allereie som tjuetåring hausten 1923 vart Olav Hanslin antake for fyrste gong på Høstutstillingen (Statens Kunstutstilling) i Oslo, og frå og med 1932 til 1937 var han der fem gonger. Så langt er det kun Halvdan Egedius som har vore representert på Høstutstillingen i yngre alder enn det Olav var.

Etter åra i Oslo og Paris måla Hanslin landskap og portrett i nokså mørke fargar. Måleria var ofte svært så realistiske i form og teikning. Her er impulsar både frå dei gamle mestrane og dei meir moderne «fargeekspressionistane». Dei seinare måleria, for eksempel frå 50-åra, er ofte realistiske landskapsskildringar, er meir oppløyste i formen, og har eit større fargespekter og kontastar.

Enkelte vil hevde at dei hogge skulpturane og relieffa etter kvart vart den viktigaste delen av Olav Hanslin sitt kunstneriske virke. Til dels store, fargerike trerelieff – slik som over scena på samfunnshuset på Lalm (1958) – er flotte arbeid som syner dette. Dei er ofte prega av kraftige figurar som bøyer nakken. Det er ein hyllest til jorda, grøden



*Olav Hanslins måleri av Vågåkyrkja og dotter til presten Birkelund.*

og årstidene. Formen blir forsterka av eit tynt strøk med farga beis som framhevar trestrukturen. Tre- og klebersteinrelieffa har impulsar frå treskurden og andre delar av tradisjonshandverka våre, men òg med røter i moderne europeisk kunst.

Olav Hanslin er kunstnaren bak portrettet av Ivar Kleiven på minnestøtta over han i Moom (bronse, 1938). Sel sjukeheim har òg trerelieff etter Hanslin (1959). I 1937 illustrerte han Ivar Kleivens bok «Elvesøg». Olav Hanslin døydde den 2. desember 1991.



# Bygdakunstnaren Jehans Myrum

Av Arve Danielsen


## **Johannes Myrum (1896-1979) hadde treskjerjing i blodet.**

Johannes Myrum, eller Jehans som han vart kalla i daglegtale, var ein av dei fremste treskjerarane i Nord-Gudbrandsdalen. Nå har etterkommarane samla 30-40 gjenstandar av ting Jehans gjorde, og under Vågå-dågå i juni var desse utstilt i Ullinsvin.

Han var yngst av ni sysken, men det var Jehans som tok over småbruket Nørdre Myrum i Holungsøyom. Her fekk han god hjelp av kona Rønnaug. På båsen i fjøset stod fem kyr. Treskjerjing og laging av gravsteinar i kleber vart ei attåtning for Jehans. Treskjerjing låg i blodet hans. Bestefaren Hans Myrum var også treskjerar, og Jehans var med og såg på at bestefaren skar frå han var ein neve stor. Jehans lærte alt om treskjerarkunsten av bestefaren. Så snart han fekk hand om ein tollekniv, tok han til å lage krullar og kriller i eitt eller anna emne. Han var ikkje store karen da han laga fine utkrota treskeier som han selde for 15 øre stykket til turistane på Sorem skystasjon. Frå konfirmasjonsalderen laga han grautembarar som han fekk 12 kroner stykket for. Og det var gild betaling den gongen.

Jehans Myrum meinte at dette med treskjerarkunst ikkje kunne lærast på nokon skule. Dette var noko ein måtte ha i seg som ei medfødt evne og utvikle sin personlege stil. Han tykte det var interessant å lage eigne komposisjonar i treskurd på grunnlag av den gamle dølastilen. Han hadde ikkje høvelbenk. Om vinteren sat Jehans på kjøkkenet heime i Myrum og skar.

Han prøvde seg også som snikkar, men dette var ikkje noko for han. Det var treskjerar han var. Døtrene Ragnhild og Marit hugsar faren støtt gjekk med ein raud tømmerblyant i lomma. Han klarte ikkje å teikna anna enn krullar og krillar for treskurd. I slåtteeonna når han og kona Rønnaug kvilte, kunne han spikke til eit lite trestykke som han sat og teikna på med blyanten. Det låg i blodet.



*Bygdakunstnar: Jehans Myrum var ein av dei fremste treskjerarane i Nord-Gudbrandsdalen. I tillegg hogde han ut gravsteinar i kleber. Her framfor den største gravsteinen han laga, Vigerust-steinen på Dovre.*

Å lage gravsteinar i kleber var eit arbeid Jehans dreiv med om våren når han kunne drive på fri gard på grunn av støvet. Han hadde ein produksjon på 77 gravminne, både i tre og kleber. På kyrkjegarden i Vågå er det 15-20 gravminne med hans signatur. Men gravsteinar frå Nørdre Myrum vart også sendt lenger av stad. Ålesund, flatbygdene på Hedemarken og heilt til Nordland finn ein gravsteinar laga av bygdakunstnaren. Største gravsteinen i kleber vart laga til Vigerust på Dovre. Den vog eitt tonn. Denne vart frakta av Jakob Sagsletten i ein Ford Thames over Vågåruste.



*Ølkrus: Kunstløper og OL-vinnar Sonja Henie med eit ølkrus som Jehans Myrum hadde laga til Kjell Holm på Nigard Sandbu, ca. 1953-54.*

I stua i Nørdre Myrum står eitt av Sæterdalsskapa som Jehans skar. Familien har rekna seg til at Jehans skar ti slike framskap. Fire av dei står i Vågåbygda. Noko av dei mest spesielle oppdraga var utskjeringar til ei peishylle til den amerikanske ambassadøren i Oslo, og ei flaggstang til den amerikanske ambassaden i Stockholm.

Kjell Holm på Nigard Sandbu, var ofte på besøk hjå treskjeraren i Myrumsgrenda. Treskjeraren i Nørdre Myrum laga mykje til Holm. Blant anna eit ølkrus, som sonen Øystein meiner er noko av det finaste han har gjort. Holm som var ein god ven med kunstløpar og OL-vinnar Sonja Henie, bestilte eit skrin av Jehans Myrum som han skulle lage til henne. Skrinet vart aldri henta, og dette er i privat eige i Vågå i dag. Sjølv meinte Jehans Myrum at eit anna skrin han laga, var av det flottaste han hadde gjort. Dette var eit skrin som var laga til ein tidlegare lensmann i bygda; Eikenes. «Eikenesskrinet» er spora opp, og dette var å sjå under utstillinga.

# Kniv laga av Jehans Odde

Av Ivar Flatum

Johannes (Jehans) Odde 1836 – 1899 var fødd på Megarden Storvik. Foreldra Jørgen Nigard Visdal og Mari Storvik kjøpte seinare søre Odde i Garmo.

Denne kniven er eit relativt tidleg arbeid av Jehans. Den er eit glimrande stykke miniatyrarbeid. Særleg festar ein seg ved skaftet sin ornamentale løysing, som er genial. Han la med tida om stilen mot eit «spissare» og noko hardare formspråk. Jehans skar mange knivar, – stort sett med ei form som er lett kjenneleg (skaft med heilage Olav's hovud). Med tida har desse knivane etter Jehans (alle skore i tre av buksbom) vorte samalarobjekt, og prisen er femsifra.



Denne kniven har ei historie: Den unge Jehans selde kniven til engelskmannen William Duppa Crotch på Klones. Då Crotch vende attende til England «for godt», vart kniven med dit. Korleis kom den så til Vågå att? Crotch hadde ei vågåjente som han hadde eit særleg forhold til. Denne dama tente for honom til han døydde i 1903. Ho arva ein god del etter Crotch sitt testamente, og denne kniven var av dei tinga. Ho døydde i 1934, og arven etter Crotch kom såleis hit åt bygden att og den enda her i Vistemo.

Jehans kom, etter eit noko omflakkande liv i arbeid hjå G. Larsen pipefabrikk på Lillehammer. Der fekk han ein læregut med namn Lars Prestmoen frå Fron. Desse to er truleg dei beste miniatyrskjærarane landet har hatt. Jehans døydde på Lillehammer i 1899.

*Samandrag frå ein lengre artikkel i Årbok for Gudbrandsdalen 1983.*

# Skjerstulin - Ole Hansson

Av Eirik Haugen

Ole Hansson Skjerstulen ble født 22. september 1868. Fødselen var oppgitt av Iver Vangen og fadderne var fra Vågåmo, så det er nærliggende å tro at mora Kari Selvaldsdatter Skjerstulen fra Skårvangen var budeie på Vang. Faren var ungkar Hans Eriksen Haugen i Skårvangen. Men det er også en historie om unnfangelsen. Det sies å ha skjedd under et berg rett ned for Pikothaugen på sørsida i Skjervegjellet. Der var det et overheng, og folk gikk under der når det regnet. Dette berget kalles fortsatt Hansberget.



*Foto frå ID-kort 1942.*

Barnefaren reiste fra to farskap til Chicago i 1871, og levde der som treskjærer til 1922. I Chicago hadde han kone og tre barn. Han brukte etternavnet Odde i Amerika. Kari finner vi igjen som budeie i Skogbygdshaugen i 1875. Hun blir da kalt "Sigvaldsdatter", er ugift og har med seg Ole. Kari ble gift med enkemann Iver Knudsen Næsset og senere med enkemann Knud Olsen Nyløkkehaugen.

Ole Hansson var usedvanlig god i kroppen. En gang var han kjømester i et bryllup i Skogbygdshaugen. Da satte han nakken i gulvet bak seg – reiste seg opp igjen med et drammeglass i hånda, alt uten å søle. En gammel mann i Skårvangen sa i ørska: Heilvitis Skjærstulin! Ska lure på um døm ha ti \n um døm va tvøyl-tri godø karø!!

Ole Hansen hadde god formsans, og skar figurer. Mest hester, kyr, okser og geiter. En dag var han i et elendig humør i Skogbygdshaugen. Da kastet han en hel strisekk med utskårne figurer på skorsteinen. Han var en estetiker, og ingen andre fikk legge opp ladet med juleved enn han. Dette holdt han på med selv etter at han flyttet til nordre Sønsteng. Marit født Lund på Sønsteng ble enke 1908. Da døde Syver Eriksen Brumellom på Sønsteng. Ole kom nok der senest 1908. Det sies

at han “braut opp Sønsteng”. Han var en dyktig arbeidskar, og kalles 1910 for gardsbestyrer. Han døde på Spakrud 27.04.1944. Eide ikke stort mer enn en rull med litt sengetøy, og hadde ikke barn.

Til 1927 drev Per Haugen og flere skogbygdinge og laget dekor og inventar til kirka i Skåbu. De skar uten problem prekestol mm. i akantusstil. Men det var også tanken å ha endel figurer - bl. a. 12 apostler. De drevne treskjærerne visste hvor det var hjelp å få. De kontaktet Ole Hansson Skjerstulen. Han skar masse figurer til kirka, uten at det har vært særlig kjent i vår tid. Derfor denne artikkelen. Det er heller ikke nevnt i årboka for Gudbrandsdalen 1976 s 111 – men der står en del om arbeidet med Skåbu kirke.



*Figurar i altartavla i Skåbukyrkja, Jesus og tre av apostlane ved nattverden. Foto: Knut Raastad.*

# Snekkerverkstadar og smier i Vågåmo

Av Knut Raastad

I sommar hadde historielaget vandring i Vågåmo, tema var gamle snekkerverkstadar og smier i Vågåmo. På 1900-talet var det mange snekkerverkstadar der dei produserte for sal.

Vi starta i Damstuguverkstaden. Verkstaden står i dag som eit museum med maskiner og utstyr slik som da Johannes Damstuen 1898-1984 dreiv der. Johannes starta verkstaden på 1920-talet og produserte saman med brørne møblar og bruksting. Kvitteringar og korrespondanse med Slottet er minner om produksjon av spisestugumøblar til Skaugum, og teikningane til møblement på Hafslund hovedgård er svært interessante. Da Per Haugen skar preikestolen til Skåbukyrkja var det Johannes Damstuen som hadde snekkerarbeidet. Meir om Damstuguverkstaden er å finne i artikkel av Erik Holø i Årbok for Gudbrandsdalen 2009.



*Damstugu-verkstaden.*

Etter Damstuguverkstaden gjekk vi retning Finnbrua og såg da tomta der Einar Bergnord hadde verkstaden sin (der Svein Bergnord bygde). Ved øvre Finnbrunden stoppa vi og prata om smia og det andre som Berg-familien hadde her. Nils Berg etablerte seg som smed på Blessumøyen i 1873. Seinare dreiv sonen Amund Berg og barnebarnet Ragnvald Berg omfattande produksjon, og smia vart mekanisk verkstad og bilverkstad. Meir omtale finst i artikkel av Erik Holø i årboka for 2010.



*Sjugurd Knudsen og Iver Olsen (Fargar'n)  
1847-1934. Foto frå Opplandsarkivet Vågå.*

På andre sida av Finna gjekk vi nordover langsmed elva. På Øien finn vi snekkarverkstaden til Reidar Skjedsvold (nå hjå Bredeesen) og vidare smia til Petter Øien. På tomta til Skjedsvoll/Bredeesen låg huset til fargaren som nå er på Maihaugen. Også dette området har Erik Holø skrivi om, i årboka for 2012.

I Pyntholvegen stoppa vi ved tomta der Ola A Damstuen bygde. Der var i gamle dagar Pyntholet der nordheringar pynta seg når dei kom til Vågåmo. Under krigen var det knottfabrikk der, dette var like ovanfor verkstaden til OKB.

Neste stopp var musikkpaviljongen vest for bustadane ved friviljugsentralen, der låg snekkarverkstaden til Bakken og Jotun. Jakob S. Jotun (1893-1978) gift med Kari Skjedsvold (1893-1966) budde i huset ved sida



av, Kari var tanta til Per P Skeidsvold som har hus der nå. Anders Bakken budde i Slettmo (nå hjå Marit Groven).

Vidare gjekk turen til Eksismoen, der låg smia til Imbert Kleiven som Einar Hølmo seinare brukte til verkstad. Ei tid vart denne smia brukt av arbeidsskulen. Tidlegare stod telthuset her. Det var også ein stopp nedanfor ungdomsskulen om lag ved der Folkvang stod, da reknar vi med at vi var om lag der smia til gullsmed Frants Bø var.

Turen vart avslutta i Enstadverkstaden der vi fekk høyre om historia frå Hans Enstad (1903-1945) etablerte verksemda, om stor aktivitet etter at Sagslettkarane overtok og siste perioda da Ottar Løkken og hans folk bl.a. produserte alle delane til Holmenkollen kapell i verkstaden i 1996.



*Milorg områdesjef Hans Enstad fall for fedrelandet på Preststulen.*

# Bestemors brune pinner

Av Margit Drevsjø

Da vi var barn og ungdom var vi ofte hos bestemor og bestefar på Stae i helgene. Hun var flink til å bake og spesielt brune pinner likte vi barna godt. Fatet ble fort tomt når hun satte kakene på kaffebordet. Da jeg ble ungdom ville jeg ha oppskriften på disse gode kakene. Men nei, oppskrift på dem hadde hun ikke. Hun bare hadde den i hodet, og ut fra det bakte hun brune pinner. Jeg spurte om hun kunne lage de en gang jeg var der slik at jeg kunne lære meg oppskriften, og da få oppskriften. Mens hun bakte, satt jeg og skrev opp hva og hvor mye hun brukte av sukker og mel osv. Siden har jeg brukt denne oppskriften. Nå har barna mine begynt å bake og spurt etter "bestemors" brune pinner.

200 g smør, 200 g sukker, 1 ss sirup,  
1 ts kanel, 1 ts vaniljesukker, 1 ts natron  
og 6 dl mel.

Smør og sukker røres hvitt. Legges som pølser på platen. Stekes på 175 grader. Stek kakene i ca. 10 minutter midt i ovnen. Når du har tatt ut kakene, skal du skjære dem i skrå, smale pinner (1,5-2 cm) mens de fortsatt er varme.




*Kari Snerle (1908-1997).*



# Lås og nøkkel

Av Knut Raastad

I november 2015 fekk historielaget epost frå Nasjonalmuseet om å få opplysningar om nøkkel og lås vi hadde i langtidsutlån. Dei kunne opplyse om at historielaget v/Erland Grev i november 1977 hadde fått deponert dette frå Kunstindustrimuseet. Det var følgjande beskrivelse:



*OK-05505: Portlås av smijern, består av flere forskjelligformete deler og forsiret med et uthugget og gravert ornamentbånd. Primær, innskrift: H.H.S. 1833.*



*OK-05504: Nøkkel av smijern, forsiret med uthugget og ornamentert, rundt håndtak og gjennombrutt, vulstformet ring med ornamentaler samt skjegg med meandersnitt.*

Registrator i Jutulheimen kunne gje attendemelding om at han hadde registrert gjenstandar i Jutulheimen i to år, og deriblant ei stor mengde lås. Han hadde ikkje lås og nøkkel merka OK. Han hadde funne tre framande gjenstandar, og dei er returnert til rettmessig eigar. Vi laut da berre melde attende til Nasjonalmuseet at desse gjenstandane hadde vi ikkje.

Hausten 2016 dreiv biblioteket med rydding, og i kvelvet fann dei eit gammalt lås og ein nøkkel. Historielaget fekk opplysning om dette, og vi fann fort ut at dette var rett lås og nøkkel. Kvelvet i biblioteket har også vore nytta av Opplandsarkivet avdeling Gudbrandsdalsmusea as Vågå, så at gjenstandane har vore lagra der var ikkje rart. Men med skiftande folk og ulike gjenstandsregistreringar gjennom åra hadde dette vorte gløymd.

Vi undrast på kvifor historielaget hadde lånt dette låset, og såg bl.a. på låset i kykjedøra om det kunne ha noko med det å gjera. Men dei er ikkje heilt like. I 1977 fekk Vågå Historielag trykt eit nytt opplag av *I gamle Daagaa* av Ivar Kleiven. Etter det vi forstår vart det da nye fotografi av enkelte gjenstandar. Og på side 310 i denne utgåve finn vi nettopp dette låset og nøkkelen som nå er attfunne. Låset vart altså lånt for fotografering til ny bok samtidig som dei fekk sett godt på det.

Lås og nøkkel er nå attendelevert til Nasjonalmuseet. I følgje opplysningane deira var gjenstandane laga av Hans Hansen Leirflaten, Heddal, Telemark i 1833. Dei var gjeve som gåve til Kunstindustrimuseet i 1892. Vi kunne da opplyse om at «Heddal» nok ikkje er i Telemark, men heller må vera Heidal i Gudbrandsdalen.

Som vi nemnde er låset avbilda i boka «I gamle Daagaa» og der står det ein grundig artikkel om Hans Hansen Leirflaten. Han var fødd i 1800. Faren omkom i ei ulykke same året. Mora som var frå Visdal sat att med 5 barn. Ho hadde eit par brør i Bergen og dei ville ta til seg nokre av barna. I 1802 gjekk ho til Bergen med dei to eldste, og dei to neste etter eit par år. I 1813 gjekk ho til Bergen med minstemann Hans og han kom i smedlære hjå ein som var gift med ei av systrene hans. Harde tider gjorde at både han og mora gjekk heim att hausten 1814. I 1820 gjekk dei på nytt til Bergen, og da Hans vart ferdig med smedlæra gjekk dei heim att.

Låset som er i Kunstindustrimuseet vart laga som portlås til garvar Ytteborg i Kristiania. Det var så nøye gjort at det kom brev til Hans at enten laut han koma til byen og lære dei å låse det, eller så fekk han skrive og gje dei rettleiing. Han senda da eit brev og sa frå korleis dei skulle gjera det.

# Dyrkar lin i Vågå

Av Solrun S. Snilsberg

## **Tek vare på gamal tradisjon**

Før i tida var det vanleg å avle lin, som vart nytta til bruksting både til kvardag og fest. Bjørg Schultz i Vågå held tradisjonen med å dyrke lin i hevd. Ho dyrkar lin i Nordherad, opp mot 700 meter over havet. Lin vart utkonkurrert av bomull på midten av 1800-talet.

Nyleg fortalde Bjørg Schultz om linproduksjon på ei kveldsseto i Jutulheimen i Vågå.

– Å produsere lin er ein møysommeleg prosess, sa Schultz. Først og fremst må det såast lin. Før dette må jorda tilarbeidast. Ein tommelfingerregel er at der ein kan dyrke bygg, kan ein dyrke lin. Lin krev ein del vatn, så den må helst vatnast kunstig om den skal bli fin. – Lin skal ein så når heggen blømer, eller gjøken galer. Ta det som kjem først, er rådet frå Schultz.

Lin har lett for å legge seg, og da har røyteprosessen lett for å starte. Da kan linet byrje å rotne. Lin kan bli hausta på fleire stadium. Når det er grønmodent blir det finfibra. Før vart det mellom anna nytta til kniplingar, da dette linet gav tynt og fint garn. Linet kan haustast når det er gulmodent, som gir kraftigare lin, og når det er brunmodent.

– Det har eg aldri opplevd her. Eg haustar like før snøen kjem. Linet må ikkje fryse, for da sprekk strået, sa Schultz.

## **Mange prosessar**

Ved hausting skal linet rykkast opp, ikkje skjærast. Rota skal vere med når ein legg det til røyting. Etter at linet er rykka opp, skal det buntast,



tørkast, rispast, og røytast. Ved røyting byrjar rotning som da løyser opp det som limer fiber til trekjernen i linet, slik at ein får mest mogleg fiber ut. Så skal limet bråkast, altså brekkast, før det er tid for skaking, som dreier seg om å bli kvitt mest mogleg av trefibrane som nå er knekt. Så er det hekling, som er siste finpuss før spinning. Bjørg Schultz synte fram lin av ulik kvalitet.



*Historielaget har ein stor maskin av tre som vi ikkje veit sikkert kva har vore brukt til. Men kanskje har denne vore til bråking av lin? Om det er tilfelle viser dette at produksjonen må vore stor når det vart brukt maskin til arbeidet. Bildet viser ein liknande maskin på ein hembygdsgård i Dalarna i Sverige. Foto: Knut Raastad.*

*Linhekla (side 108) består av stålpiiggar på ei treplate. Dei dårlegaste fibrane (stry) blir skilt frå dei fine og blanke fibrane, som skal spinnast til glatt, fin tråd. Undertøy, skaut, dukar og handklede av lin var både fine og sterke. Av stry vart det laga sekkar, undertøy til kvardagsbruk m.m., jmf. uttrykket „stryskjorte“ (striskjorte). Stry er den stutte linfiberen som sit att i hekla. Uttrykket „gå opp i stry“ stammar frå at linen blir røyta for lenge slik at fibrane blir stutte. Stry er også brukt som tetting ved røyrlegging. Linhekla på bildet er i Jutulheimen og har innskrift 1767 R J D. Red.*

# Vågå Historielag: Årsmelding 2017

## **Arrangement**

Historielaget har hatt arrangement fast den andre onsdagen i månaden. Utanom sommaren har dette vore foredrag / kveldsseto i Jutulheimen. Det var forteljarkveld om reinsjakt med bl.a. avspeling av gamle lydopptak. Ivar Teigum heldt foredrag om prestar i dansketida og Torveig Dahl om kokeboka til «Fru Christine». Dag Aasheim heldt foredrag om skogforvaltar Simen Wolrath og det vart vist film om Kvieriddaren og Skårvangssola. Kåre Simenstad prata om fyrste traktoren i Vågå og den tekniske utviklinga som kom med at traktoren avløyste hesten. Historielaget arrangerte lansering av Årbok for Gudbrandsdalen der Ola Grøslund bl.a. prata om erotiske motiv i folkekulturen. Johan StormMunch hadde foredrag om ordsamlinga etter biskop Johan Storm Munch, og Bjørg Schultz prata om dyrking og produksjon av lin. Også dette året var det fotokveld med visning av gamle bilder. Fleire av arrangementa har vore i samarbeid med andre lag.

Historielaget har hatt fleire arrangement utanom Jutulheimen også. Bjula Ulsletten var guide på fottur til Holongssetrene. Tur i Nordheradsalmenninga enda på almenningsbruket Flåten der restaurering av alle husa nå er fullført. Vandring i Vågåmo hadde gamle snekkarverkstader og smier som tema, og vi fekk koma inn i Damstuguverkstaden og Enstadverkstaden.

## **Jutulheimen**

Det er Gudbrandsdalsmusea as som står for drifta av Jutulheimen. Vågå Historielag er aksjeeigar i Gudbrandsdalsmusea as og er aktivt med i planlegging og drøfting av vedlikehald, drift og utstillingar. Gudbrandsdalsmusea har også dette året drivi med gjenstandsregistrering. Med støtte frå Kulturminnefondet er det utført skifting av råte svill på Sundstugu samt utskifting av takrenner på baa stuguene.

## **Prestgarden**

Paktarbustaden har vore bortleigd som bustad medan delar av hovudbygningen er utleigd til husflidslaget. Husflidslaget har stor aktivitet der, og har også hatt opne arrangement. Restaurering av inngangspartiet på hovudbygningen er fullført. Fjøset vart rydda, og både det og låven vart brukt til utstillingar under Vågåågå. Historielaget har vore med i arbeidet kommunen har gjort med masterplan for Ullinsvin. Historielaget har stifta selskapet Ullinsvin as som skal stå for bygging og eigarskap av museumsmagasin, sveitsisk norgesvenn har gjeve støtte til dette.

## Prestgardshåein

Hagegruppa i historielaget har fordelt ansvar for stell, luking, vatning mm. for kvar veke. Også plenklipping samt raking og rydding både i hagen og på tunet er utført på dugnad. Det har vore omvisning av mange grupper denne sommaren, hagegruppa har brukt Studeren i samband med dette. Bokhandel'n kafe har hatt sommarkafe i hovudbygningen og uteområdet i hagen. «Cafe Edvard» har vore oppe i helgene, dei har også arrangert konsertar i tunet. Hagegruppa fekk tildelt hagekulturprisen 2017 frå Det Norske Hageselskap, utdelinga skjedde i hagen den 17. september.

## Laget ellers

Frå årsmøtet 8. mars 2017 har styre vore dette: styreleiar Knut Raastad, nestleiar Dag Aasheim, styremedlemmar Rønnaug Siem Hammer, Even Luseter og Steinar Løkken, varamedlemmar Jonny Brenden og Håkon Ulsand. Det har i året vore ni styremøter, og varamedlemmane møter på lik line med styremedlemmane. Laget har 420 medlemmar.

God oppslutning om frivillige medlemspengar gjer utgjeving av årsskriftet Jutulen mogleg med utsending til alle medlemmane, i tillegg er heftet utlagt for salg. Historielaget pyntar gravene til Ivar Kleiven, Trond Eklestuen og Jo Gjende. Innsamla gamle bilete blir utlagt på heimesida [vaagaa-historielag.org](http://vaagaa-historielag.org) På heimesida er det også ei mappe med gards- og slektshistorie.

Pulløybua er bortleigd som anneks til nabohytta. Nordheradsprosjektet disponerer Flåten. Buene ved Gjendeosen har ved fleire høve vore framvist for turistar. Buene vil kunne lånast ut til historielags-medlemmar.

Styret takkar samarbeidspartar og medlemmar i laget for god hjelp og støtte i året 2017.



*Hagegruppa som den 17. september 2017 vart tildelt Hagekulturprisen 2017 frå Det Norske Hageselskap. Foto: Knut Raastad.*





*Pulløybua 1933, t.v. advokat Jacobsen. Foto frå Opplandsarkivet Vågå.*